



## Kommunal transportplan 2025 - 2028

Som vedteke i kommunstyresak 11/25

## Innhold

1 BAKGRUNN OG RAMMER FOR KOMMUNAL TRANSPORTPLAN .....	2
1.1    Kommunestyret sitt godkjenningsvedtak i sak 11/25 .....	2
1.2    Overordna rammer og mål .....	2
1.3    Kommunale rammer og mål for planarbeidet .....	2
1.4    Økonomiske rammer og finansiering .....	3
2 STATUS, UTVIKLINGSTREKK, UTFORDRINGAR OG BEHOV.....	3
2.1    Areal, geografi og struktur .....	3
2.2    Demografi .....	3
2.3    Risiko og sårbarheit .....	5
2.4    Transport, klima og miljø .....	5
3 PLANTEMA.....	6
3.1    Fylkesveg (RTP) .....	6
3.2    Kommuneveg.....	8
3.3    Kaiar .....	11
3.4    Skipslei.....	12
3.5    Ferjedrift .....	13
3.6    Trafikktrygging .....	13
3.7    Trafikk og parkering .....	15
3.8    Tilskot til private vegar .....	16
3.9    Vilkår for endring av vegstatus – privat veg og kommunal veg.....	17
3.9.1    Reglar for kommunal overtaking av private vegar .....	17
3.9.2    Nedlegging av kommunale vegar .....	18
3.10    Ladestasjon .....	18
3.11    Telenett/fiber .....	19
3.12    Universell utforming .....	20
3.13    Kollektivtransport.....	20
3.14    Drosje .....	21
3.15    Helikopterlandingsplassar.....	21
4 OPPSUMMERING AV TILTAK SOM VAR PRIORITERT I FØRRE PLANPERIODE.....	22
5 VEDLEGG .....	25
5.1    Vedlegg 1: Fakta om kommunale vegar .....	25
5.2    Vedlegg 2: Fakta om veglys i Luster kommune, inkl. søknadar om nye anlegg .....	31
5.3    Vedlegg 3: Gang- og sykkelvegnett.....	44
5.4    Vedlegg 4: Vedlikehaldstilskot private vegar 2024.....	48
5.5    Vedlegg 5: Parkering og toalett v/badeplassar, turutgangspunkt m.m.....	50
5.6    Vedlegg 6: Rapport hovudinspeksjon bruer og kaier 2022 .....	55

# 1 BAKGRUNN OG RAMMER FOR KOMMUNAL TRANSPORTPLAN

## 1.1 Kommunestyret sitt godkjenningsvedtak i sak 11/25

1. *Kommunal transportplan 2025 - 2028 vert vedteken med tillegg: Manglande gang/sykkelveg/fortau v/Solstrand vert teke inn i planen.*
2. *Prioriteringar gjort i planen vert lagt til grunn for administrative og politiske prioriteringar i budsjett- og økonomiplanarbeid.*

## 1.2 Overordna rammer og mål

Regjeringa skal kvart fjerde år utarbeide eit dokument med nasjonale forventingar til kommunal og regional planlegging, i tråd med plan- og bygningslova (tbl). Dokumentet (Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging 2023-2027) er ein del av det formelle plansystemet og det vert forventa at kommunane fylgjer opp dei politiske hovudtrekka. Her er det forventa at statlege, fylkeskommunale og kommunale planprosessar som omfattar samferdsel vert samordna. Det fokuserast også på forventingar regjeringa har til at alle planprosessar skal vera involverande, og tufta på nasjonale og internasjonale berekraftsmål.

Regionale føringar:

Fylkestinget vedtok Regional transportplan for Vestland 2022–2033 (RTP) i desember 2021. Transportplanen er fylkeskommunen sin langsiktige strategiplan for utvikling av transportsektoren i Vestland.

RTP består av eit kunnskapsgrunnlag som ser på utviklingstrekk og framtidige utfordringar innan samferdsleområdet og transportsektoren. Kunnskapsgrunnlaget er basert på faktagrunnlag og faglege vurderinger. Dette legg det faglege grunnlaget for RTP, som vidare består av eit handlingsprogram og to strategiar. Handlingsprogrammet er eit program for gjennomføring og oppfølging av planen, dette blir rullert årleg.

Det er også utarbeidd to sjølvstendige strategiar i RTP. Desse peikar på vegval, satsingsområde og mål knytt til temaa sine. Strategiane blir følgt opp gjennom tiltak i handlingsprogrammet

RTP sine to strategiar:

- *Strategi for berekraftig mobilitet*
- *Strategi for mjuke trafikantar*

## 1.3 Kommunale rammer og mål for planarbeidet

I kommuneplanen sin samfunnsdel 2013 – 2024, vedteken 20.06.2013 i K-sak 48/13 vart det vedteke at Luster kommune skal utarbeida ein communal transportplan – KTP som grunnlagsdokument for kommunen si satsing og prioritering på offentleg transport/og kommunikasjonsnett i kommunen med fokus på desse oppgåvene:

- a) Fylkesvegar
- b) Kommunale vegar
- c) Private vegar (tilskotsordning)
- d) Gang- og sykkelvegnett
- e) Veglys
- f) Parkeringsplassar i utfartsområde
- g) Ferjedrift
- h) Anlegg for drivstoffylling for småbåtar

### i) Ladestasjon for el-bil i Gaupne

KTP vart teke inn i planleggingsprogrammet for Luster kommune med oppstart i 2018.

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2022 – 2034 vart vedteken i 2022 og seier følgjande og spesifiserer nemnde tema som viktige om kommunen sitt arbeid knytt til infrastruktur:

*“Kommunen har også viktige oppgåver når det gjeld infrastruktur og samfunnssikkerheit. God standard på område som veg, vatn og avløp er avgjerande for at eit lokalsamfunn skal fungera trygt og godt.”*

## 1.4 Økonomiske rammer og finansiering

Kvart år vedtek Luster kommunestyre budsjett for neste år og økonomiplan for 4 år.

Driftsbudsjettet for infrastruktur vert nytta til dagleg drift. Det er i utgangspunktet ikkje tilgjengelege midlar på driftsbudsjettet til å gjennomføre tiltak ut over dagleg drift.

Driftsbudsjettet på veg, anlegg og ferje er for 2024 på kr. 16.822.042,-

I investeringsbudsjettet er det i økonomiplanen for 2024 sett av 3.000.000,-. For resten av økonomiplanperioden er det sett av kr. 4.000.000,- kvart år til anleggsutvikling som rammeløyving. Rammeløyvinga har vore nytta til tiltak i vregar og anlegg. Dei siste åra har asfaltering/reasfaltering teke om lag 50 % av årleg råmeløyving.

Større tiltak, kostnad 500.000 eller meir vert teke inn i investeringsplanen som eigne tiltak og prioritert der.

For nokre område vert det i tillegg avsett eigne prosjektmidlar; Sentrumsopprusting, trafikktrygging, veglys, nærmiljøtiltak/spelemiddelprosjekt.

## 2 STATUS, UTVIKLINGSTREKK, UTFORDRINGAR OG BEHOV

### 2.1 Areal, geografi og struktur

Med kommunen sitt store geografiske areal, topografi og spreidde busetnad er teknisk infrastruktur, transport og kommunikasjon relativt krevjande oppgåver og kommunen nyttar relativt store økonomiske ressursar på oppgåva.

Kommunen er og avhengig av det regionale nivået, fylkeskommunen, når det gjeld fylkesveg, kollektivtilbod og skuleskyss.

Tilsvarande er det Telenor, energiselskap eller andre leverandørar som er tilbydarar på tele- og fibernettet.

### 2.2 Demografi

Den demografiske utviklinga i kommunen påverkar kommuneøkonomien i stor grad.

Kommunen har ansvar for tenester som i hovudsak er retta mot ulike aldersgrupper i befolkninga. Utviklinga i folketalet, både den totale utviklinga og alderssamsetjinga, er vesentlege faktorar for nivået på ulik tenesteyting og planlegging for det. Demografiutvikling er såleis ein viktig faktor for å vurdere meir- eller mindreutgifter til Luster kommune i åra framover.

Tabellen under viser befolkninga i grunnkrinsane i kommunen i perioden 2020-2024. Alle tal er frå 01.01.24

## Folketal i alle barneskulekrinsane i kommunen (2020-2024)

Barneskulekrins	2020	2021	2022	2023	2024
<b>Skjolden</b>	416	428	427	436	451
<b>Luster</b>	635	628	621	611	631
<b>Solvorn</b>	233	255	259	257	240
<b>Indre Hafslo</b>	493	507	538	544	532
<b>Hafslo</b>	1422	1407	1409	1452	1492
<b>Veitastrond</b>	120	125	128	129	126
<b>Jostedal</b>	378	373	357	355	368
<b>Gaupne</b>	1603	1588	1638	1648	1663
<b>Sum alle</b>	5180	5186	5249	5303	5376

Tabellen er basert på innbyggjartal i grunnkrinsar, og grunnkrinsane som er delt mellom to skulekrinsar er skjønsmessig delt. Grunnkrinsen Nes ligg halve folketalet til kvar av krinsane Gaupne og Luster. Kroken er fordelt med 75% av folketalet til Skjolden og 25% til Solvorn. Dette betyr at tala ikkje er eksakte, men gjev eit bilet på fordelinga av folketal og folketalsutvikling.

Tabellen under viser talet på elevar i dei ulike skulane til kommunen, fordelt på alderssteg

### Elevar fordelt på alderssteg 2024/25

Klasse	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	Elevar	Klassar
<b>Luster ungdomsskule</b>								32	40	34	106	6
<b>Hafslo b. og ungdomsskule</b>	10	22	21	24	18	17	21	28	24	30	215	10
<b>Gaupne skule</b>	19	26	18	18	20	22	18				141	7
<b>Luster oppvekstsenter</b>	5	10	5	3	5	9	7				44	3
<b>Skjolden oppvekstsenter</b>	5	5	5	2	6	2	6				31	3
<b>Indre Hafslo oppvekstsenter</b>	6	10	8	2	11	5	5				47	4
<b>Jostedal oppvekstsenter</b>	5	5	2	3	6	2	6				29	3
<b>Solvorn oppvekstsenter</b>	2	1	2	2	2	4	1				14	2
<b>Veitastrond skule</b>	3	3	3	3	4	2	1				19	2
	<b>55</b>	<b>82</b>	<b>64</b>	<b>57</b>	<b>72</b>	<b>63</b>	<b>65</b>	<b>60</b>	<b>64</b>	<b>64</b>	<b>646</b>	<b>40</b>

\* Solvorn/Hafslo ungdomsskule: Nokre av elevane har skuleskyss med ferje frå / til Ornes

\*\* Veitastrond: Elevane på Veitastrond er på Hafslo barne- og ungdomsskule kvar onsdag utanom vintermånadane og har skyss denne dagen.

## 2.3 Risiko og sårbarheit

Ein overordna risiko- og sårbarheitsanalyse skal omfatte heile kommunen si verksemd samt moglege hendingar innanfor kommunen si geografiske avgrensing.

Uønskte hendingar som kan ramme kritiske samfunnsfunksjonar og kritisk infrastruktur skal inkluderast i ROS-analysen.

Luster kommune gjennomførte ein revisjon av overordna ROS-analyse i 2021. Ei mengd tema vart vurdert, og det vart etter sannsynsvurderingar gjennomførte scenariovurderingar for følgjande tema

- Naturhendingar:
  - Pandemi
  - Skadeflaum
  - Snøras knytt til busetnad
  - Steinsprang knytt til busetnad
  - Stormflod
  - Flaum
  - Sterk vind
- Menneskeleg svikt og systemsvikt:
  - Atomulukke i naboland
  - Bortfall av elektronisk kommunikasjon
  - Bortfall av straum over tre timer
  - Brann på omsorgssenter, institusjon
  - Bussulykke
  - Dambrot
  - Forureining av drikkevatn
  - Brot på vassforsyning
  - Innbrot i IT-system
- Tilsikta uønskte hendingar :
  - Skuleskyting
  - Vegstenging og forsyningssvikt

Basert på overordna ROS, kan me i KTP seie at det er fleire tema som er relevante, mellom anna ras og steinsprang på kommunale vegar, beredskap knytt til mobildekning, beredskapsferje m.m.

## 2.4 Transport, klima og miljø

15. Desember 2022 vedtok fylkestinget i Vestland "Regional plan for klima 2022-2035". Planen er ein overordna og langsiktig plan for klimaarbeidet i Vestland fram mot 2035. Den er ein premiss for samfunnsutviklinga i heile fylket, og skal visa vegen mot det berekraftige nullutsleppssamfunnet.

Planen sitt delkapittel om transport er klart på at Vestland er eit stort fylke med vanskeleg geografi. Klimagassutsleppa frå transportsektoren i Vestland står for 35 % av utsleppa i regionen. Dei tre største utsleppskjeldene er vegtransport frå personbilar, vegtrafikk frå store køyretøy og sjøfart for passasjerar. Omstilling av transportsektoren er difor viktig for å nå målet om netto nullutslepp innan 2030.

Omstillinga av transportsektoren til nullutsleppsløysingar og ein betre samordning mellom bustad-, areal- og transportplanlegging blir framheva som dei viktigaste faktorane til planen for å innfri målet til fylkestinget om netto nullutslepp innan 2030.


Planen er klar på at mange ting omhandlende transport bør gjerast og prioriterast i heile regionen for at målet om eit netto nullutsleppssamfunn innan 2030 skal nåast. Dei viktigaste faktorane som blir nemnde er:

- Omstillinga av transportsektoren til nullutsleppsløysingar.
- Betre samordning mellom bustad-, areal- og transportplanlegging. Dette baserer seg på at styresmakter i større grad bør samordna avgjerdss prosessar rundt desse temaene. Tema som mindre arealkrevjande bustadbygging, og satsing på infrastruktur knytt til kollektivtransport og elementære transportmiddel som gåing og sykling er viktig å planleggja saman for god energieffektivitet.
- Satsa på opprusting og vedlikehald av det eksisterande vegnettet. Dette er effektiv arealbruk og bidreg til å redusera nedbygginga av natur

## 3 PLANTEMA

### 3.1 Fylkesveg (RTP)

Luster kommune har som eit langt nett av fylkesvegar. Fylkesvegar er eigde og blir drifta av fylkeskommunen. Som ei følgje av dette er Regional transportplan 2022-2023 (RTP) eit viktig dokument som legg fôringar og prioriteringar på store delar av vegnettet i kommunen.



Fylkesvegnummer Luster kommune:

Nummer (frå 2019)	Strekning	Lengde (km)
55	Sognfjell – Årøy	73,4
603	Marifjøra	0,2
603	Marifjøra – Vedvik	5,0
604	Gaupne – Høgebru	26,5
604	Høgebru – Fåberg	11,0
604	Høgebru – Espe	3,9
604	Gjerde – Bergset	5,4
5637	Skjolden – Ornes	30,6
5638	Fortun - Bjørk	6,3
5639	Skjolden – Mørkrid	5,7
5640	Geitaneset – Ugulen (gamlevegen Indre Hafslo)	3,9
5641	Hafslo – Veitastrand	34,0
5642	Solvorgalden – Solvorn	3,2

Lengde km. tot.

209,1

Fylkestinget vedtok RTP i desember 2021. Transportplanen er fylkeskommunen sin langsiktige strategiplan for utvikling av transportsektoren i Vestland.

Regional transportplan 2022-2023 består av eit kunnskapsgrunnlag som ser på utviklingstrekk og framtidige utfordringar innan samferdsleområdet og transportsektoren. I tillegg har Regional transportplan 2022-2023 et handlingsprogram med oversikt over planlagde investeringar i perioden. Handlingsprogrammet blir årleg rullert, og blir justert i forhold til nye utfordringar og moglegheiter

Gjennom RTP kjem fylkeskommunen sin langsiktige regionale transportpolitikk til uttrykk. RTP med handlingsprogram er basert på kunnskapsgrunnlaget og den langsiktige nasjonale og regionale transportpolitikken. Følgjeleg er også nasjonal transportplan ein viktig bidragsyta til RTP og den årlege justeringa av handlingsplanen.

RTP består også av to strategiar. Desse må sjåast på som overordna mål rundt viktige tema som fylkeskommunen ønsker å prioritera

I samband med handsaming av RTP 2022-2033 meldte Luster kommune følgjande tiltak som viktige å prioritera:

**Investering/trafikktrygging:**

- *Luster kommune vil forsterke innspelet til Sogn regionråd vedrørande å prioritere Fv.55 Nes - Fortun med oppstart Nes –Høyheimsvik. Kommunen er informert om at reguleringsplanarbeidet for Nes –Høyheimsvik er starta opp, og veglinja er teikna. Den var som nr. 3 på marginallista i RTP. 2018-2027. I framlegg til ny RTP er den oppsett for mogleg oppstart i perioden 2027-2033. Og det står vidare at det truleg ikkje er rom for oppstart av alle prosjekta i planperioden. Luster kommune ønsker å understreka at dette tiltaket hastar. Det må prioriterast og kan ikkje skyvast ut i tid.*
- *Forsterka bru/gangbru på Fv 55 over Jostedalselva i Gaupne. Luster kommune har bygd turveg frå Marifjøra til Gaupne, fram til bru over Jostedøla på fv55. I tillegg vil Luster kommune rydde og gruse opp ein gang/turveg slik at det er mogleg å gå langs elva, nedstrøms av bru, heilt ned til fjorden. På Gaupnesida av bru er kommunen i gang med ein reguleringsplan der gangveg frå sentrum fram til bru over Jostedøla vil bli regulert inn. Luster kommune har sett opp veglys på turvegen frå kryss Røneidsvegen til bruia. Vidare er det og bygd veglys frå nemnde kryss til Røneid. Med det så er det laga ei rundløype frå Gaupne sentrum via Røneid til ny turveg til Marifjøra og tilbake til sentrum. Problemet er bru over Jostedøla på fv 55. Det er ikkje fortau på bruia, kun ei smal oppheva skulder. Folk må delvis gå i fylkesvegen over bruia fordi skuldra er for smal. Luster kommune prøver å leggje til rette for gåturar i nærområda og ber fylkeskommunen om å prioritera å gjere tiltak på bruia.*
- *Tiltak Gjerde sentrum. Luster kommunestyre vedtok reguleringsplan for Gjerde sentrum den 28.10.2021 i sak 52/2021. Føremålmalet med planen er bla. anna å få eit meir trafiksikkert og attraktivt sentrumsområde. Tiltak for å få dette til er å bygge fortau langs fylkesveg og å utbetre kryss frå Fv. 604 til hotellet. Dette vart ein representant frå fylkeskommunen informert om i eit møte den 3. mars i år. Kommunen vart i ettertid oppfordra om å melde dette tiltaket inn som innspel til RTP 2022 –2033. Luster kommune utfordrar fylkeskommune til å vere med i eit spleislag på dette prosjektet. Tiltaket var og meldt inn til RTP 2018 –2027.*
- *Kryss fv. 603 mot Marifjøra og fv. 55, betre siktforhold og gangtilkomst til busslomme. Luster kommune har starta opp planarbeid for reguleringsplan Marifjøra –Marheim. Planen omfattar bla. anna eit nytt bustadfelt for 32 bueiningar. Noko som vil føre til ein god del meir trafikk i krysset. Statens vegvesen har sendt inn ei fråsegn til oppstartsvarselet der dei ber om at siktsona vert tatt med innanfor planavgrensinga og med ei omsynssone som sikrar at sikt frå og mot krysset kan oppretthaldast. Vidare skriv Statens vegvesen at; slik tilkomsten til busslomma er i dag, må ein gå i / langs fylkesvegen, og det er ikkje optimalt. Jamfør også måla i statleg planretningslinje for samordna bustad, areal-og transport-planlegging. Dei ber kommunen vurdere å ta med dette i planarbeidet. Luster kommune har vurdert fråsegnna til Statens vegvesen og konkludert med at me tek med siktsona innafor planavgrensinga. Tilkomst til busslomme vil vere eit så stort planarbeid at det må takast som ein eigen plan. Luster kommune ønsker at tiltak «Kryss fv. 603 mot Marifjøra og fv. 55, betre siktforhold og gangtilkomst til busslomme» vert teke med i RTP 2022 –2033.*
- *Fv. 604 Utbetring av kryss med kommunal veg til Leirdalen. Kryss med dårlig sikt og vegen frå Leirdalen går bratt ned i fylkesvegen. Reguleringsplanarbeidet var meldt oppstarta, men*

*planarbeidet vart stoppa. I 2021 stengde Vestland fylke gamle Leirdal bru for biltrafikk. Denne bruva vart mykje nytta om sommaren for dei som kom ned frå Leirdalen og skulle inn på Fv 604. Luster kommune ønskjer at dette krysset blir vurdert og prioritert inn i RTP 2022 – 2033. Tiltaket var og meldt inn til RTP 2018 – 2027.*

- *Sørsidevegen, Fv 5637, trafikksikringstiltak. Sørsidevegen frå Skjolden til Ornes er smal, har få møteplassar, tunellane er utan lys og det er fleire raspunkt, både for snø-jord og steinskred. Vegen er tilkomst til verdsarven Urnes stavkyrkje, det er og planlagt å bygge besøkssenter som skal etter planen opna i 2024. Dette vil føre til større trafikk på Fv 5637. Luster kommune ønskjer at tiltak på Fv 5637 blir prioritert i RTP 2022 – 2033. Tiltaket var og meldt inn til RTP 2018 – 2027.*

## 3.2 Kommuneveg

### 3.2.1 *Kommunal veg:*

Luster kommune er ein geografisk stor kommune med sine 2700 km<sup>2</sup>, men kommunen er liten i folketal med 5421 innbyggjarar ved utgangen av juli 2024.

Kommunen eig og forvaltar eit omfattande vegnett på om lag 120 km. Om lag 70 km av vegnettet er asfaltert, og 50 km er grusveg. Vegane har svært varierande standard.

Kommunen har ansvar for ca. 7 km med fortau og gang- og sykkelveg som vert vedlikehalde og brøytt om vinteren. Av dette er det ca. 4,5 km på Hafslø, 2,5 km i Gaupne og 1 km i Skjolden. Torg og plassar kjem i tillegg til dette. Det er bygd 1 km gangveg i Luster som ikkje er kommunal.

I 2005 vart det utarbeida tilstandsrapport for det kommunale vegnettet. Denne rapporten vert revidert årleg. Kommunen har god oversikt over tilstanden på det kommunale vegnettet. Vegane med fast dekke er i bra stand, men det vil alltid vere trong for reasfaltering. Grusvegane er av varierande kvalitet. Alle grusvegane må forsterkast og utbetraast før det kan leggast fast dekke på dei. Kostnaden vil vere så stor at dei fleste av dagens grusvegar bør vere grusvegar og i framtida.

Mange av vegane har mangelfulle grøfter og därlege stikkrenner. Fleire vegar manglar sikring, men smal vegbane og manglande vegskulder gjer at det mange stader er uråd å setje opp rekksverk eller støypekant.

Kommunen har dei siste åra løyvd 3,0 mill. kr. til reasfaltering av kommunale vegar og forsterking/standardheving av kommunale vegar generelt. Kommunen har også ei årleg løyving til drift av private vegar.

På kommunale vegar er det fleire bruer, av varierande standar og akseltrykk. Luster kommune har avtale med firma som gjennomfører bru inspeksjon (hovudinspeksjon) kvart 4.år, sist i 2022. Inspeksjonen avdekker om det må gjennomførast tiltak for å oppretthalde tilstande på bruene. Men det er og behov for tiltak for å lette betre køyreforholda for større køyretøy.

På communal veg er det ein tunnel, Vigdalstunnelen.

Lovleg akseltrykk på dei kommunale vegane varierer mellom 5, 8 og 10 tonn. Gamle Eide bru i Skjolden er nedklassifisert til gangbru og gamlebrui på Røneid er nedklassifisert til 2 tonn akseltrykk. Luster kommune har ikkje restriksjonar på akseltrykk i teletøylinga om våren.

Dei kommunale vegane har ei lovleg breidde for køyretøy på 2,55 meter. Lovleg lengde for vogntog varierer frå 18,75 m for nokre av hovudvegane ned til 10,00 m på mindre vegar.

#### **Økonomi:**

Luster kommune har i 2024 eit vedlikehaldsbudsjettpå kr. 9 156 610,- på kommunal veg. Av dette er det budsjettert med kr. 4 180 000,- til snøbrøyting. Store kostnader vinteren 2024 gjer at budsjettet på veg er styrka med 3,0 mill. kr. i 2024 (i halvårsrapporten).

I investeringsbudsjettet i økonomiplanen 2024 – 2027 er det sett av eit rammeløyving kr. 3.000.000,- i 2024 til anleggsutvikling, for åra 2025 – 2027 er denne løyvinga auka til 4 mill.kr årleg. Løyvinga har vore nytt til tiltak på vegar og anlegg. Dei siste åra har asfaltering/reasfaltering teke om lag 50 % av årleg råmeløyving.

#### **Drift og vedlikehald:**

Drift og vedlikehald vert gjennomført i eigen regi og med innleige av maskiner.

Brøyting vert utført via anbodskontraktar med private med avtale. Strøing skjer etter eigne vurderinger og etter melding frå publikum.

Luster kommune sin gjeldande brøyteinstruks for brøyting av kommunale vegar (2022-2027):

- Vegar inkludert gang- og sykkelvegar og fortau skal vere gjennombrøytt før snømengda på vegen overstig 8 cm våt snø og 12 cm tørr snø.
- Det skal brøytast etter alle snøfall større enn 5 cm.
- Snørydding i kryss skal gjerast samstundes med eller rett etter at brøyting er gjort.
- Beredskapsperioden er frå 01.10. til 01.05. kvart år/ brøytesesong.

Større tiltak på vegnettet vert gjennomført som anleggsutviklingstiltak med årlege prioriteringar.

Teknisk drift disponerer nokre større maskiner, bla, hjullastar, veghøvel og lastebil med kran.

#### **Vedlegg:**

- Tabell over kommunal veg. (Vedlegg 1)

#### **Prioriterte tiltak komande 4 års periode, i uprioritert rekkefølgje**

- Veg Harastølen. –oppgradering, nivå på prosjektet er avhengig av kva som skjer med hotellprosjektet<sup>1</sup>.
- Bakkingavegen, byggje fortau, forsterke veg, asfaltering<sup>1</sup>
- Sviggaplassane – forsterking og asfaltering i samband med vassforsyning til Marifjøra
- Ekrevegen (Indre Hafslo) - forsterking og asfaltering
- Røslebakkane, i samband med bustadfelt Salen
- Bolstadvegen - grøfting og reasfaltering på deler av vegen
- Øvrebømoen (Solvorn) - forsterking og asfaltering
- Mollandsmarki – noko forsterking, grusing + skogrydding
- Alle vegar. Nytt/ utskifting/ reparasjon av rekktverk og støypekantar. (Må samle fleire vegar samstundes i eit tilbod).
- Oppgradering av bruver bla. Drægni bru, Mjølver bru, og andre

### **3.2.2 Veglys:**

Luster kommune har 18 km kommunal veg med veglys. I tillegg har kommune ansvar for lys på mange parkeringsplassar, parkanlegg med gangvegar m.m.

#### **Veglys fylkesveg**

Luster kommune har 21 km fylkesveg med veglys. Med unntak for tunnelane har Luster kommune ansvaret for vedlikehaldet av veglys på fylkesveg.

Mykje av anlegga treng fornyast då gamlelamper både brukar mykje straum og er utgått. Mykje investeringsmidlar må gå til nye LED- armaturar.

#### **Økonomi:**

Luster kommune har i 2024 eit vedlikehaldsbudsjettpå kr. 1.056.301,- på veglys. Av dette er det budsjettert med kr. 730.000,- til straumutgifter.

I investeringsbudsjettet er det i økonomiplanen 2024-2027 sette av kr. 1.500.000,- annan kvart år til fornying av veglysanlegg. Mykje av veglyset er av eldre dato og det er behov for fornying og overgang til LED. Pærer for gammal armatur er heller ikkje å oppdrive/ikkje lovlege. Ev nyanlegg etter politisk prioritering, men nivået i investeringsbudsjetten tek utgangspunkt i at det ikkje skal byggjast nye veglysanlegg i kommunen utover det som står i denne planen under prioriterte tiltak i komande fireårsperiode. Kommunen vil overta nokre nye gatelysanlegg i samband med overtaking av infrastruktur i private utbyggingar med utbyggingsavtalar, som t.d. Botn og Storåkeren.

#### **Drift og vedlikehald:**

Luster kommune har innført nattsløkking av veg og gatelysa i kommunen. Den generelle sløkkjetida er frå kl.00.30 – kl.05.30. I sentrumsområde vert ikkje lysa sløkt før kl.02.00 fredagar og laurdagar. På nokre få stader (tette sentrum) er det ikkje nattsløkking.

Teknisk drift tek ein runde årleg for å skifte pærer m.m. i samband med at lyset vert slått på. Det vert ikkje reist ut for å skifte enkeltpærer. Dersom nokon registerer feil på veglys, kan dette meldast til servicerøget.

På sikt er det planlagt at Vestland fylkeskommune skal ta over eigarskap og drift av alle veglys langs fylkesveg. Omfang og framdrift er uavklara.

#### **Vedlegg:**

- Tabell over veglys. (Vedlegg 2)

#### **Prioriterte tiltak komande 4 års periode, i uprioritert rekkefølgje.**

- Utskifting av "eldre" lampar/ armaturar med nye LED- armaturar
- Øyagata - nye master og armaturar frå Pyramiden til ungdomshuset
- Røslebakkane - 5 nye lyspunkt til Røslebakkane 48/50.
- Belysning ved Gamlebrui til kryss Røneidsvegen (2 lampar)

### **3.2.3 Gang- og sykkelvegnett:**

Samfunnssdelen i kommuneplanen 2013 har definert eit kommunesenter; Gaupne, tre bygdesenter; Hafslø, Jostedal og Skjolden og seks bygdelag; Luster (Dale), Solvorn, Veitastrand, Indre Hafslø, Fortun og sørsida av Lustrafjorden. Kommunesenter og bygdesenter skal prioriterast når det gjeld etablering av fortau, gang- og sykkelveg mellom bustadområde og sentrumsområde, skule og barnehage.

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2022-2034 seier ingen ting generelt om fortau, gang- og sykkelveg mellom bustadområde og sentrumsområde, skule og barnehage.

#### Samandrag status gang- og sykkelvegnett:

Gaupne har fortau langs nokre gater og ein liten strekning med gang- og sykkelveg, men det er manglar på deler av vegen mellom bustadområda Røslebakkane og Bukti til skule og sentrum og frå barnehagen til sentrum. Det er lagt ut nytt bustadområde, Storåkeren, nord for Bukti i kommuneplanen som vil løyse ut krav om betre infrastruktur for gåande og syklande i dette området. Strekningane som manglar er ikkje regulert.

På Hafslo er det bygd gang- og sykkelveg heilt frå bustadområda på Hestnes og Galden til sentrum og skule.

I Jostedal er det så lang veg mellom bustadfelt og skule at det løyser ut krav om skuleskyss. Det manglar i infrastruktur for gåande og syklande frå byggefelt til sentrumsområde. Det er reguleringsplanarbeid på gang i dette området.

I Skjolden er det utbygd infrastruktur, fortau og gangveg, mellom byggefelt og skule. Frå skule og til sentrum er det eit stykke på Bolstadvegen der dei gåande må gå/sykle i veg.

I Luster er det bygd fortau langs Fv 55 frå avkjøring til Bringebakkane til oppvekstsenter.

#### Vedlegg:

- Tabell over fortau, gang- og sykkelveg og turvegar som er regulert, men enno ikkje utbygd, eller som skal regulerast/byggast i samsvar med kommuneplan og/eller planleggingsprogram. (Vedlegg 3)

#### Prioriterte tiltak komande 4 års periode, i prioritert rekkefølgje.

- Utbetring fram til ungdomshuset i Gaupne/Øyagata m/fortau, resten av Øyagata vert vurdert etter 2028.
- Fortau Fortun i samband med nytt besøksenter og som avbøtande tiltak for mykje massetransport gjennom Fortun i samband med utbygging av Jamnane trafostasjon
- Sluttføre rundtur/turveg rundt Røneidsgrandane med om lag 50 meter turveg langs fv. 55, dersom det er mogleg med grunneigaravtale
- Gang/sykkelveg/fortau frå Solstrand til gangveg ved omsorgssenteret.

### 3.3 Kaiar

#### Ferjekaiar:

Luster kommune er eigar av ferjekai i Solvorn. På Ornes er det avtale med grunneigar om leige av ferjekai. Avtalen er går ut 31.12.2021, men leigetakar har rett til å forlenging avtalen.

Det vart gjennomført ein reperasjon av ferjekaien i 2018, men tilstanden er slik at det i løpet av 3-5 år er det behov for ein totalrenovasjon av ferjekaien.

Trekaien ved sida av ferjekaien på Ornes er privat, og den er heller ikkje kontrollert.

#### Kommunal kai:

Kommunekaien i Gaupne er i god stand. I tillegg er kommunen eigar av vetlekaien i Solvorn.

Kommunen har varsla ekspropriasjon av storekaien i Solvorn.

#### Private kaiar:

Det er mange private kaiar i Luster kommune som vert nytta til privat- og godstransport. I 2015 gjennomførde fylkeskommunen ein kartlegging av kaiar. Luster kommune melde då tilbake følgjande kaiar: Kinsedal, Ornes, Kroken, Skjolden, Høyheimsvik, Marifjøra og Solvorn. Sørheim grendalag har meldt attende at det er ei kai på privat grunn som dei har eigarskap til.

#### Cruise:

Cruisekaien i Skjolden har i 2024 hatt 22 cruiseskip til kai. Det er meldt inn 42 skip i 2025 som har bestilt kaiplass i 2025

Skjolden Cruisekai AS, jobbar med å etablere landstraumsanlegg, men dette krev ein trafikk som stabiliserer seg på minst 50 årlege anløp.

Transport av passasjerane til Nigardsbreen, Sognefjellet og Urnes stavkyrkje blir gjennomført med buss. På offentleg vegnett så vil særleg fylkesveg til Ornes, og parkering på Ornes, kan vere utfordrande. Etter at Fortidsminneforeininga stramma inn begrensingar i gruppebestillingar har det vorte mykje mindre bussar til Ornes. Etter at Verdsarvsenteret er bygd vil det truleg verte fleire bussar att.

I 2024 er det meldt om behov som knyter seg til cruise:

- Trafikktryggingstiltak langs Eidsvatnet – tursti i tråd med reguleringsplan
- Opprusting tursti Sengjaberget
- Offentleg toalett Vassbakken
- Fleire offentlege toalett Skjolden

Prioritering av tiltak knytt til cruise vert gjort i årleg budsjett- økonomiplanprosess, og komande tolegrenseanalyse vil gje enno betre kunnskapsgrunnlag for å prioritere tiltak.

#### Vedlegg

- Rapport etter hovudinspeksjon 2022. (Vedlegg 6)

#### Prioriterte tiltak komande 4 års periode, i uprioriterert rekkefølgje.

- Kommunal overtaking av kai i Solvorn
- Tiltak kai på Ornes, ev kommunal overtaking.
- Oppgradering av fendere på kommunekaien i Gaupne

### 3.4 Skipslei

#### Status:

Det er skipslei på Lustrafjorden frå Ombandsnes til Skjolden og Gaupne. Etter «Havne- og farvannsloven» har kommunen m.a. slikt ansvar:

*«Kommunen har forvaltningsansvar og myndighet etter denne loven innenfor området hvor kommunen har planmyndighet etter plan- og bygningsloven, med mindre noe annet følger av bestemmelser gitt i eller i medhold av denne loven.*

*Kommunen skal sørge for sikkerhet og fremkommelighet i havner og i kommunens sjøområde».*

Det er enkelt å navigere på Lustrafjorden. Det er ikkje nødvendig å setje i verk spesielle tiltak knytt til skipsleiene.

#### Prioriterte tiltak komande 4 års periode, i uprioriterert rekkefølgje.

- Kartlegging av botnforhold ved 9 kommunale og private hamner, delfinansiert gjennom deltaking i prosjekt digital tvilling i hamn.

- Frå småbåteigarar er det kome opp ønskje om merking av eit skjer ved Bruknappen, utanfor Vedvik. Kontaktar Kystverket for anmodning om merking.
- Dialog med sjøfartsmyndigheitene for å hindre utvasking av kaier og andre konstruksjonar i strandsona i samband med cruisefart. Vurdere fartsavgrensingar på fjorden.

### 3.5 Ferjedrift

Drifta/konkuransen av ferjesambandet Solvorn - Ornes frå 1.1.15-31.12.21, med tre opsjonsår har vorte gjort av Lustrabaatane / Lustrabaatane Drift. Ny konkurranse for drift i perioden 1.1.25 – 31.12.29, med 1+1+1 år opsjon vart lyst ut som open tilbodskonkurranse i samsvar med reglane om offentlege anskaffingar.

Kommunestyret har godkjent at det vert inngått avtale med Lustrabaatane AS om drift av ferjesambandet Solvorn – Ornes i perioden 1.1.2025 – 31.12.2029.

Dersom partane er einige om det innan eit år før kontrakten går ut, kan kontrakten forlengjast med eitt år om gongen i tre år.

**Økonomi:** Kjøp av tenester på ferjesambandet Solvorn – Ornes vil frå 2025 verte i underkant av 9 mill.kr. Dette vert ei bruttokontrakt, der Luster kommune beheld billettinntektene. Billettinntektene vil venteleg verte om lag 3,5 mill.kr.

Fylkeskommunen gir eit tilskot til Luster kommune, med grunnlag i skuleskyss og regional utvikling/reiseliv, på kr 450.000,- kvart år.

Resterande 5 mill.kr må løvvast av Luster kommune.

Frå 2024 er det innført eit periodekort som gjev hyppige brukarar av ferja ein lågare kostnad. På einskildreiser er det eit mål å auke billettinntektene med ei større takstauke.

#### Prioriterte tiltak komande 4 års periode, i uprioritert rekkefølgje.

- Dialog med Vestland fylkeskommune om omgjering av sambandet til fylkesvegferje
- Auke billettsatsar framover, for å auke lokale billettinntekter
- Utbetingar ferjekai Ornes, ønskjeleg med kommunal overtaking

### 3.6 Trafikktrygging

Luster kommune har ein kommunal plan for trafikktrygging, "Kommunedelplan trafikktryggleik 2022-2030" og ble vedtatt av Luster kommunestyre i juni 2022. Målet er at talet på trafikkulykker i Luster kommune vert redusert. Kommunedelplan for trafikktryggleik er først og fremst eit planverktøy, og den gir såleis et generelt og detaljert fokus på stader ein bør betre trafikktryggleiken.

Planen er delt i to, ein Hovudplan og eit handlingsprogram. Hovudplanen klargjer tema for planen og mål og strategiar, og kan reknast som ei overordna skildring og spesifisering av kvifor kommunen har utarbeidd planen og kvifor den er viktig. Hovudplanen skal reviderast kvart åttande år.

Handlingsprogrammet legg spesifikke og detaljerte føringar på tiltak som må gjennomførast, for å oppfylla hovudplanen, denne skal reviderast kvar valperiode.

Målet er at talet på trafikkulykker i Luster kommune vert redusert. Ved å setje eit overordna fokus på trafikktryggleik generelt og eit detaljert fokus på stader ein bør betre trafikktryggleiken, vil planen vera eit viktig arbeidsverktøy for alle som arbeider med samferdsle og planlegging i kommunen.

Mange tiltak verkar inn på samferdsla og trafikktryggleiken i kommunen. Nemnast kan lokalisering og utforming av nye bustadfelt, lokalisering av bygg med mange besøkjande og utforming av tilkomsten til desse, planlegging av nye vegar, drift og vedlikehald av eksisterande vegnett og politiske prioriteringar og løyvingar som gjeld desse tiltaka.

For å kunne søkje om fylkeskommunale trafikktryggingsmidlar må kommunen ha ein gjeldande kommunal plan for trafikktrygging.

Utfordringar: Det er mange tiltak som kan og bør utførast for å få betre trafikktrygging i kommunen. Tiltaka må prioriterast.

[Link til kommunedelplan for trafikktrygging](#)

[Handlingsprogram](#)

#### **Økonomi:**

Fylkeskommunen har delt inn sine trafikktryggingsmidlar i tre delar. Vestland fylkeskommune gir tilskot til trafikktryggingsarbeid som er øyremerkte ulike typar tiltak.

**1. Tilskot til trafikktryggingsaktiviteter**- To gongar om året deler Vestland fylkeskommune ut tilskot til aktivitetar og prosjekt som fremmar trafiksikker åtferd blant trafikantane. Kommunar, skular og barnehagar (inkludert FAU), helsestasjonar, lag og foreiningar, organisasjonar, institusjonar, aksjonsgrupper og kommunale medverknadsorgan (råd for menneske med nedset funksjonsevne, eldreråd, ungdomsråd e.l.) kan søkja om tilskot. Tilskotet kan nyttast til kostnader som er direkte knytt til planlegging og gjennomføring av aktivitetane/prosjekta.

**2. Tilskot til fysiske trafikktryggingstiltak** - Vestland fylkeskommune deler ut tilskot til trafikktryggingstiltak på og langs fylkesveg og kommunal veg. Målgruppe for tilskotsordninga er alle kommunar i nye Vestland fylke. Målet med ordninga er å styrke trafikktryggleiken på og langs veg i kommunane. Kommunane kan søkje om tilskot til fysiske trafikktryggingstiltak på fylkesveg og kommunal veg. Det er mogleg å søkje om inntil 1 million kroner per tiltak. Kommunane kan søkje om tilskot til fysiske trafikktryggingstiltak på fylkesveg og kommunal veg. Det er mogleg å søkje om inntil 1 million kroner per tiltak. Det er krav til kommunal eigendel på minimum 50 prosent. Det er vidare stilt krav til oppdatert kommunal trafikktryggingsplan.

**3.Tilskot til trafikktryggingsplanar** - Vestland fylkeskommune deler årleg ut tilskot til kommunar som skal utarbeidde eller revidera kommunal trafikktryggingsplan. Kommunane kan søka om tilskot på inntil 150.000 kr til utarbeiding/revisjon av kommunale trafikktryggingsplanar. Det er eit krav om minimum 50 prosent eigendel.

Det kan vere aktuelt å vurdere eigne trafikktryggingstiltak, folkehelsetiltak t.d turveg/gangveg-tiltak utanom dette.

Luster kommune vart i mars 2024 godkjent som trafiksikker kommune. Dette er ei godkjenningsordning i regi av trygg trafikk som baserer seg på at kommunen har orden i dokumentasjonsarbeidet knytt til trafikktryggingsrabeidet. Godkjenningsordninga er finansiert av Vestland fylkeskommune, og det blir i søknader om midlar til fleire av dei overnemnde trafikktryggingstiltaka gitt prioritet til kommunar med status som "Trafiksikker kommune".

#### **Prioriterte (større) tiltak komande 4 års periode:**

- Fortau Bakkingavegen, frå Hafslo sentrum til avkjøring Klokkesteinvegen.
- Vidare prioriterte tiltak på bakgrunn av revidert trafikktryggingsplan.

### 3.7 Trafikk og parkering

Status: Luster er ein stor turistkommune. Både innbyggjarar og turistar treng parkeringsplassar for å kunne nyte seg av dei få badeplassane me har ved fjorden, gå turar utanfor sentrumsområda eller besøkje turistattraksjonar slik som Feigefossen og Urnes stavkyrkja. Nokre av plassane har toalett, eller avtale om toalett i nærområdet. Nokre av plassane vert nyttar heile året, andre mest om sommaren.

I eige vedlegg er det opplista parkeringsplassar for turutgangspunkt i Luster kommune

Dei største utfordringane i høve trafikk og parkering er Solvorn, Ornes og bussparkeringa i Gaupne. På Krossen er no plassen utvida, asfaltert og oppmerkt.

#### Solvorn:

I Solvorn er det i dag få parkeringsplassar. Mange av plassane blir nyttar av ferie/fritids gjester som ikkje har plass til parkering på eigen eigedom. Gjester ved hotellet må ha parkeringsplassar og dei som ikkje tek bilen med seg på ferja når dei besøker Ornes må også ha parkering. På finværsdagar om sommaren toppar problema seg når mange ynskjer å nyte seg av den fine badestranda i Solvorn. Det er då ofte vanskeleg for rutebussen å få komme ned til og snudd på kaia og det kan vera problematisk for utrykkingskøyretøy å komme fram.

Luster kommune har vedteke reguleringsplan for kaiområdet, plan-ID 2018005.

Luster kommune har bygd ny parkeringsplass ved Solvorn kyrkje, arbeider med å få betre tilgjenge til Solvorn kyrkje. Skuleplassen ligg like ved kyrkja og denne har vorte nyttar til sommarparkering i fleire år. Det er også bygd sykkelløype rundt skuleplassen. Plassen er regulert til offentleg bygg og einaste opparbeidde leikeplassen i bygda. Kombinert bruk som skule-/leikeplass og parkering er trafikkfarleg og uaktuelt. Det er 7-800 meter gangavstand til kaien/badeplassen frå kyrkje og skule.

Kommunen står overfor fleire utfordringar i åra framover når det gjeld trafikk- og parkeringsforholda i Solvorn og på Ornes sommarstid.

Det har også vert jobba med ulike alternativ slik som parkering langs FV 338 og om det er mogeleg å få til snuplass for buss før ein køyrer inn i Solvorn sentrum. Ei utviding av parkeringskapasiteten i Solvorn sentrum byr også på utfordringar og kan få negative verknader på dei kulturhistoriske verdiane i området.

Nye planar som vil generera auka trafikk til Solvorn er:

- Utviding av badeplassen
- Auka trafikk med passasjerbåtar i indre fjordområde
- Ny småbåthamn
- Etablering av verdsarvsenter på Ornes
- Ny næringsverksemnd i Solvorn sentrum

#### Ornes:

##### Utfordringar:

- Det er få parkeringsplassar i tunet framfor kyrkja og det er ikkje ynskjeleg å auka opp parkeringskapasiteten her. Utrykkingsbilar må også ha tilstrekkeleg areal for manøvrering.
- For få brukar eksisterande p-plass ved fylkesvegen og går opp.
- Det er smal veg opp til kyrkja – og mange som går der = dårleg kombinasjon.

- Ferjekaia på Ornes er nedgradert, 8 t akseltrykk, det er utfordringar for ferja og bussar som skal på ferja.

#### **Gaupne:**

Sjølv om samla parkeringskapasitet i Gaupne er god så manglar det regulering mellom korttid og langtid. Mange/for mange attraktive plassar nær sentrumstilbod/tenestetilbod vert nytt til heildagsparkering. Betre skilting, inkl. forskrift, vil retta på dette.

Framtidig løysing for parkering og busshaldeplass i Gaupne vert avgjort i samband med reguleringsplan for Gaupne sentrum.

#### **Vedlegg**

- Parkeringsplassar for turutgangspunkt i Luster kommune. (Vedlegg 5)

#### **Prioriterte tiltak komande 4 års periode, i uprioritert rekkefølgje.**

- Solvorn
  - Arbeide for parkeringsplass langs Fv og snuplass for buss før innkjøring til Solvorn sentrum.
  - Mellombels parkeringsplass ved sidan av bedehuset
- Gaupne
  - Flytting av busshaldeplass og tilrettelegging for el-bussar innan nytt bussanbod frå vår 2026
- Vurdere innføring av betalings- og vilkårsparkering for betre regulering av korttid- og langtidsparkering, spesielt med tanke på Krossen, Solvorn og Gaupne

### **3.8 Tilskot til private vegar**

I dette kapittelet ligg retningslinjene som er gjeldande for tildeling av tilskot til private vegar. Pkt. 7 er eit nytt punkt i skriftleggjort form, men er ei tydeleggjering og stadfesting av det som har vore praksis.

#### **Private vegar - tilskot til vedlikehald**

Du kan søkje kommunen om tilskot til sommar- og vintervedlikehald av privat veg som fører til fast busetnad.

Søknadsfrist er medio mars kvart år.. Vegar som er godkjende for tilskot treng ikkje søkja på nytt kvart år. Endringar i tal interessentar/veglengd skal straks meldast kommunen.

1. Vegar over 300 m har rett til tilskot. For alle vegar skal det trekkast frå 100 m pr. interessent før tilskotssummen vert utrekna.
2. Tilskot vert gitt etter søknad der det skal gå fram lengde på vegen og talet interessantar \*). Mottakaren av tilskotet forpliktar seg til å gje kommunen melding om endringar i desse opplysningane.
3. Tilskotet vert utbetalt ein gong for året etter dei til kvar tid gjeldande satsar til kontaktperson for vegen.
4. For områda: Veitastrond, Ytre og Indre Hafslo, Mollandsmarki, Leirdalen, Vigdalen, Jostedalen, Kolstadvegen, Rebnivegen, Svensøy-Granfasta, vegen til Åsen og vegen til Berge vert det gitt 25% tillegg på gjeldande grunnsats.
5. For vegar med ein gjennomsnittleg stigning større enn 1:10 vert det gitt eit tillegg på 10% til grunnsatsen. For vegen med gjennomsnittleg stigning større enn 1:8 vert det gitt eit tillegg på 25%.

6. På vegar med spesielt stor trafikk kan det gjerast vedtak om særlege satsar. Bruken må då vera knytt til ålmenne interesser.
  7. Som vilkår for utbetaling av tilskot er at mottakar av tilskot held vegen open for ålmenta
  8. Rådmannen fastset grunnsatsen innanfor vedtekne budsjett.
  9. Tilskot mindre enn kr. 1.500,- vert ikkje utbetalt.
- \*) Som interessent vert rekna kvar eigedom (gbnr.) med heilårsbustad.

#### Vedlegg:

- Private vegar som får tilskot. (Vedlegg 4)

#### Evaluering av ordninga

I førre KTP vart det sagt at retningslinjene skulle vurderast. Administrasjonen har hatt ein gjennomgang, og meiner at desse fungerer etter intensjonen. Det er fast busetnad som vert prioritert, meir krevjande vegar grunna stigning får ekstra tilskot, og det same på snøtunge stadar. Retningslinjene er godt innarbeidde, og er rasjonelle å etterleve. Einaste endringa som er tilrådd er å skriftleggjere ein praksis i eit nytt punkt 7, nemleg at det er forventa at ein tilskotsmottakar godtek at ålmenta nytta vegen. Ei høyring av KTP kan også fungere som ei evaluering av ordninga ut mot publikum, og eventuelle justeringar kan vurderast etter denne høyringa.

#### Prioriterte tiltak komande 4 års periode:

- Sikre årleg tildeling av midlar i tråd med den til ei kvar tid gjeldande ramme.

**Økonomi:** Luster kommune sitt budsjett for 2024 er på kr 600.000,-.

## 3.9 Vilkår for endring av vegstatus – privat veg og kommunal veg

### 3.9.1 Reglar for kommunal overtaking av private vegar

Luster kommunestyre vedtok eit regelverk for kommunal overtaking av private vegar i kommunestylesak 48/95, i møte 31.05.95. Desse reglane er framleis gjeldande og vert stadfesta som ein del av kommunal transportplan. Pkt. 7 er nytt i denne planrevisjonen.

Kommunestyret kan etter søknad i kvart enkelt tilfelle gjere vedtak om kommunal overtaking av private vegar etter følgjande reglar:

1. Veg fram til kommunal bygning som er i aktiv bruk skal som hovudregel vere kommunal.
2. Om vegen ikkje innfrir kravet i pkt. 1, kan han overtakast dersom alle dei følgjande føresetnadene i pkt. 2 er til stades, og i tillegg minst eit av vilkåra under pkt. 3 er innfridde:
  - a. Vegen må vere minst 500 m lang, og ha tilknyting til annan offentleg veg.
  - b. Standarden på vegen tilsvrar minst krava sett til gards- og grendeveg.
  - c. Den vesentlege bruken av vegen er til fast busetnad.
3. a. Talet på fastbuande som soknar til vegen er minst 15 personar eller minst 6 eigedommar (dvs. med eige gards- og bruksnummer) med fast busetnad.  
b. Vegen gjer teneste som gjennomkøyringsveg for allmenn ferdsel.  
c. vegen har allmenn interesse som tilkomstveg til friluftsområde som er mykje nytta, eller er tilkomst til andre område av stor allmenn interesse.  
d. vegen er ei naturleg forlenging av ein kommunal veg.
4. Kommunen overtek vederlagsfritt eigedomsretten til elt areal som ligg 2,5 m frå vegkanten eller 0,5 m utanfor skjerings-topp/fyllingsfot der denne linja kjem lengre frå vegkanten enn 2,5 m.

5. Gjerde skal ikkje oppsetjast nærrare vegen enn eigedomsgrensa utan særskild avtale med kommunen.
6. Før vegen blir overtaken skal det haldast overtakingsforretning. Vegen skal ikkje overtakast før krava stilt i overtakingsforretninga er innfridde.
7. Dersom ein kommunal veg ikkje lenger stettar krava i pkt. 1 – 6, så kan kommunen vedta å leggje ned vegen som kommunal veg, og overføre den til grunneigarar/interessentar i vegen.

#### **Endring i føregåande planperiode**

Det har vore ein søknad om å overta ein privat veg til Åsen i Jostedalen, men denne har vorte avsist sidan den ikkje stettar vilkåra. Det har i høyringa vorte problematisert at kommunen ikkje vil ta over vegen, og stilt spørsmål til kva som er definisjonen av mykje bruk tilkomstveg til friluftsområde som vert mykje nytta. Som ei utdjuping av pkt. 3c har det blitt lagt til grunn at for at det skal vere eit argument for at ein veg skal verte kommunal grunna mykje bruk som tilkomstveg til friluftsområde som er mykje nytta, så er den brukt som tilkomst med bil. Å definere mykje nytta er sjølv sagt skjønnsmessig, men det må til dømes vere såpass stor trafikk at det er naudsynt med tilrettelegging av t.d. parkering. Dersom kommunen tilrettelegg for auka trafikk gjennom skilting, fysiske tiltak eller liknande, så vil dette også vere eit argument. Kommunen har p.t. ingen planar om slik tilrettelegging i Åsen.

#### **Prioriterte tiltak komande 4 års periode:**

- Det er ikkje prioritert for Luster kommune å ta over nye kommunale vegar, dersom det skal verte aktuelt å overta private vegar så må dei tilfredsstille vilkåra over.

### **3.9.2 Nedlegging av kommunale vegar**

Praksis for Luster kommune er at kommunen sluttar vintervedlikehaldet viss det ikkje lenger er fastbuande på ein veg. I praksis betyr det at det at viss ein veg først er blitt kommunal, så er det ikkje like strenge krav for å oppretthalde ein communal veg som det er for å bli communal veg. Dersom Luster kommune hadde gått gjennom og vurdert om alle kommunale vegar framleis stettar dei krava som vert stilt i pkt. 3.10.1, så vil det truleg vere fleire vegar der communal drift vart avslutta, og det i staden vart gjeve tilskot til drift av privat veg.

#### **Prioriterte tiltak komande 4 års periode, i uprioriteret rekkefølgje.**

- Utgreie nedlegging av kommunale vegar som ikkje stettar vilkåra til å bli klassifisert som communal veg, jf. Nytt pkt. 7 i vilkår i kapittel 3.9.1.

### **3.10 Ladestasjon**

Luster kommune var initiativtakar for å få etablert hurtigladestasjon i Gaupne. Kostnadene med ladestasjonen tok Luster kommune med støtte av Enova. Ladestasjonen blir drifta av Mer (eigd av Statkraft)

I tillegg er det montert ladepunkt på omsorgssentera og helsecenteret med tanke på lading av eigne bilar. Det vil og bli mogleg å lade privatbilar der og, men pga skattereglar må det sjåast på korleis det i praksis skal gjennomførast. Ladepunkt ved kommunale institusjonar, må/bør ha betalingsordning. Dvs dei som nyttar ladepunktet betalar for den straumen dei tek ut.

Det er og fleire bedrifter som etablerer ladepunkt til sine tilsette (5-6 stk), og reiselivsbedrifter som tilbyr lading til gjestene sine (om lag 20).

Det er etablert hurtigladestasjon ved Fortun bensinstasjon og ved Stasjonen på Røneidsgrandane. Begge desse prosjekta har økonomisk medverknad frå Vestland fylkeskommune og Luster kommune. Det er og gjort vedtak om tilskot frå Luster kommune til hurtiglading på YX på Hafslo, dette prosjektet er ikkje starta opp enno.

Dersom Luster kommune skal engasjere seg i fleire hurtigladestasjonar bør Jostedalen vere mest aktuell. Stor turisttrafikk og 35 km frå Nigardsbreen til Gaupne.

#### Prioriterte tiltak komande 4 års periode:

- Hurtigladestasjon i Jostedalen

### 3.11 Telenett/fiber

Regjeringa sitt mål er at alle husstandar i ny [digitaliseringsstrategi](#), lagt fram hausten 2024, er at alle husstandar og verksemder skal ha tilbod om breiband med ei nedlastingshastigkeit på minst 100 megabit per sekund innan utgangen av 2025 og minst 1 gigabit per sekund innan utgangen av 2030.

Det er bygt ut fiber til næringslivet og nesten alle innbyggjarane i Luster, i svært mange av utbyggingsprosjekta har kommune og stat delteke med økonomisk støtte. Utbyggingane har vore ute på anbod og det er Sognenett i samarbeid med Luster energiverk som har vunne desse, og bygt ut og driftar fiberen.

Dei områda som er kommersielt mogeleg å byggje ut, har ikkje kommunen (og staten) ytt tilskot til.

Det er pr sommaren 2024 att område ma på Sørsida som ikkje har fiber, desse har breiband via radio eller mobilnett. Kommunestyre har i januar 2025 konkludert med at eit fiberprosjekt på strekket Ornes – Feigum vil vere for kostbart i høve nytten. Basert på den avklaringa vil framtidige prosjekt truleg i stor grad bli på oppgradering av mobilnettet for betre dekning for både tale og data. Skal kommunen søkje på prosjekt knytt til nasjonale midlar til utbygging av høghastigheits breiband, vert kommunal eigendel avgrensa til 15%.

Det er bygt ut basestasjonar med 4G i heile kommunen som dekker område der det er fastbuande. Dei fleste av desse basestasjonane får no 5G. Både Telenor og Telia har basestasjonar i kommunen. Hausten 2024 vert det sett i drift ny basestasjon på Mollandsmarki (Telia) og på Berge i Luster (Telenor). I nokre grender er enno mobiltilhøva noko krevjande. Det er og manglande mobildekning etter den nasjonale turistvegen over Sognefjellet.

Fiberen i kommunen er i hovudsak festa til høgspentlina. Eit ras som tek høgspentlina vil også føre til brot på fiberen. Ved brot på fiberen vil og matinga til dei fleste basestasjonane falle bort og det vil ikkje vere mobildekning. Det er ei utfordring beredskapsmessig.

#### Prioriterte tiltak komande 4 års periode, i uprioritert rekkefølgje:

- Bidra til mobildekning på Sognafjellet
- Vurdere korleis mobilt breiband med høg hastigkeit kan tilbydast som eit avbøtande tiltak for område utan fibertilkoppling.
- Luster kommune kan søkje støtte til nye brebandsprosjekt i område som kvalifiserer til ei kvar tid gjeldande nasjonal ordning, men der kommunal finansiering er avgrensa til 15 %.

## 3.12 Universell utforming

Det er eit mål i all kommunal planlegging at alle kommunale bygg og parkområde og tilkomsten til desse skal ha universell utforming.

Utfordring: Luster kommune har ein topografi som gjer det vanskeleg med universell utforming alle stader.

Tiltak: Ved all nyregulering og nybygging i kommunen skal ein vektlegge/vurdere universell utforming av både bygg og tilkomst.

## 3.13 Kollektivtransport

Rutetilbodet for buss i Luster kommune avspeglar i stor grad det behovet kommunen har for køyring av skulebarn. Dette medfører at rutetilbodet vert endra (færre avgangar) i skuleferiane. Det er viktig å oppretthalde så mange av rutene som mogleg også i skuleferiane. Særleg viktig er dette i sommarsesongen då bussane også vert nytta av turistar.

Både Sognefjellsekspressen mellom Sogndal og Lom og Brebussen mellom Sogndal og Jostedalen er viktige ruter for reiselivet i Luster kommune. Dette bussrutene er sjølv sagt også eit tilbod for lokalbefolkningen. For Sognefjellsekspressen er det vesentleg med god korrespondanse vidare frå Lom mot Otta/Lillehammmer. Desse rutene er utfordra av Skyss / Vestland fylkeskommune i samband med innsparinger.

I årlege rutehøyringar er det stort engasjement for innbyggjarar, men det er lite handlingsrom for Vestland fylkeskommune / Skyss å gjøre utvidingar av tilbodet. Skal dei endre så krev det reduksjonar av lite brukte ruter. Skyss har i dialog med Luster kommune sagt at dei i ny anbodsperiode (frå 2026) vil opne for at kommunar kan kjøpe ekstraproduksjon viss ein vil prioritere høgare aktivitet enn fylkeskommunale løvingar tilseier. Særleg har det frå Luster siste åra vore fokus på behovet for arbeidspendligning til og frå Sogndal frå Gaupne. Bedrifter som Avery Dennison NTP har bede kommunen sjå på ei prøveordning med arbeidsrute direkte mellom Sogndal og Gaupne.

### Trygt heim Sogndal:

Trygt heim er eit nattbusstilbod frå seks stader i Sogn og Fjordane for deg mellom 16 og 24 år. Andre reisande kan nytte tilbodet dersom det er ledig plass.

Trygt heim-rutene går kvar natt til søndag heile året. I tillegg går rutene natt til 1. mai, natt til 17. mai og natt til 3. juledag. Rutene er lagt opp til å vere både faste ruter og bestillingsruter. For at bestillingsrutene skal gå, må det vere minst tre reisande.

Prisen for alle er 40 kroner. Dersom du har Skyss ungdomsbillett, gjeld denne som billett på Trygt heim-rutene. Sjå ruter på [skyss.no](http://skyss.no)

### Prioriterte tiltak komande 4 års periode, i uprioritert rekkefølgje

- Vurdere ei prøveordning med arbeidsrute Sogndal – Gaupne, finansiert av næringsfondet
- Tilrettelegge ny haldeplass, med bussparkering og moglegheit for lading, i Gaupne innan ny anbodsperiode buss vår 2026

### 3.14 Drosje

Drosjenæringa i Luster har organisert seg i selskapet Taxi-service i Gaupne. I praksis er det fem sjølvstendige drosjeløyve i kommunen. Det er vaktordning med vakt kvar 5. dag inkludert helgane. Den personen som er på vakt fordeler køyring ut på dei andre bilane og ein prøver å få nokolunde lik køyring på dei ulike bilane.

I tillegg er det tre turvognløyve (minibussar) med rullestolplass.

To av dei ordinære drosjene har og rullestolplass.

Taxi-service Luster har pasientkøyring for Helse Førde og noko pasientkøyring i kommunen, noko ordinær skulekøyring og noko tilrettelagd køyring mot vidaregåande skule.

I den store kommunen Luster vil ein del av drosjeoppdraga ha lang hentedistanse. Det er då ein eigen hentetakst til oppdraget, men evt retur utan kunde får ikkje drosjen godt gjort for.

Utfordringar:

#### **Serviceskyss:**

Det er inga form for godkjenning for å nyitta tilboden. På faste dagar kvar månad og til fastsett tid vert det sett opp drosje i rute i ulike delar av kommunen. Starttidene kan variera noko fordi ein har varierande tal passasjerar. Rutene går sjølvsgatt i retur seinare på dagen. Alle passasjerar som ønskjer å nyitta Serviceskyssen må bestilla hjå Taxiservice 57 68 16 20 innan kl. 18 dagen før turen. Då avtalar ein også tidspunkt for henting. Eigenbetaling kr 30 kvar veg.

#### **Transporttilbod for unge:**

Dette er eit tilbod for ungdom 13-19 år, busette i Luster kommune.

Gjeld transport til og frå alle opne arrangement for ungdom i Luster kommune, også trening/øving, møte og kurs. Det skal vere minimum 2 passasjerar. Eigenandel kr 50 pr person kvar veg for bestillingstaxi i Luster.

Andre passasjerar eldre enn 19 år betalar full pris.

Kommunen får eit tilskot frå fylkeskommunen til denne ordninga.

### 3.15 Helikopterlandingsplassar

I kommuneplanen 2008 vart det lagt inn eit område på Veitastrond til helikopterlandingsplass.

I kommuneplanen sin arealdel, vedteken av Luster kommunestyre 13.06.2019 sak 36/2019 er helikopterlandingsplass på Skjolden lagt «på vent». Det er ikkje lagt inn fleire konkrete areal for helikopterlandingsplass.

AMK har definert faste landingsplassar dei kan nytte fleire stadar i kommunen. Desse stadane blir nyttia til ambulansehelikopteret.

Ambulansen i Luster har ynskje om å få etablert ein helikopterlandingsplass i Gaupne som er oppmerka, lyssett og har «vindpølse»

I dag nyttar dei plassen ved gamle brannstasjon og kommunekaien. Har vore vurdert å etablere landingsplass ved ny brannstasjon, utan at det er konkludert.

Det føreligg ei forskrift som regulerer helikopterlandinger på Osen / Skjolden..



## 4 OPPSUMMERING AV TILTAK SOM VAR PRIORITERT I FØRRE PLANPERIODE

Kapittel i utgående KTP	Tiltak	Status
3.3.1 Kommunal veg	Veg Harastølen. –oppgradering, nivå på prosjektet er avhengig av kva som skjer med hotellprosjektet	Avventar hotellprosjektet, tiltaket med i ny planperiode. Nye eigarar har varsla oppstart på reguleringsplan.
3.3.1 Kommunal veg	Røneid bru, komplett oppgradering av bru	Brua er ferdig renoveret og i god stand.
3.3.1 Kommunal veg	Bakkingavegen, byggje fortau, forsterke veg, asfaltering <sup>1</sup>	Detaljplanlegging pågår med mål om oppstart anleggsarbeid våren 2025.
3.3.1 Kommunal veg	Alle vegar. Nytt/ utskifting/ reparasjon av rekkverk og støypekantar. (Må samle fleire vegar samstundes i eit tilbod).	Har skifta ut rekkverk fleire stader, men mykje står att.
3.3.1 Kommunal veg	Bustadfelt, reasfaltering – Beheim, Galden, Tvingeborgneset, Løteigane (Reasfalterast etter kvart som behovet er tilstades)	Løteigane vart reasfaltert 2023, elles har andre kommunale vegar vorte prioritert framom byggjefelta.
3.3.1 Kommunal veg	Bakkingavegen, nye murar ved Lomheim, forsterke parti mot Skjervo	Tiltak utført, og deler av vegen asfaltert.
3.3.1 Kommunal veg	Vigdalen, vassikring tunnel, grøfting og asfaltering av vegen	Tiltak utført, og deler av vegen asfaltert.
3.3.1 Kommunal veg	Røslebakkane, utbetre sving nedom «Salen» etter plan, asfaltering	Utsett til neste planperiode, kommunen har kjøpt Salen og skal tilrettelegge for bustadfelt i 2025
3.3.1 Kommunal veg	Bolstadvegen, rekkverk og asfaltering (frå skulen og ned)	Rekkverk utbetra, grøfting og asfaltering prioritert 2025.
3.3.1 Kommunal veg	Mollandsmarki, rydde skog, sprengje grøfter, rette ut nokre svingar, forsterke enkelte parti, grusing	Mindre tiltak med forsterking av vegen er gjort, og noko rekkverk utbetra.

3.3.1 Kommunal veg	Øvrebømoen, forsterke vegen, asfaltering	På denne strekningen er det ikke gjort tiltak anna enn nytt rekkverk i krysset med fylkesvegen.
3.3.1 Kommunal veg	Steinabakkane, forsterking, rep. Murar og rekkverk, asfaltering.	Tiltak utført inkl. asfaltering av vegen.
3.3.2 veglys	Utskifting HQL lampar i Fortun, Gaupne, Jostedal og Hafslo (2020)	Mykje HQL- lampar er no skifta ut - målet er at dei siste vert skifta 2025/ 2026.
3.3.2 veglys	Veglys Gardavegen – Tandle (2020)	Ferdigstilt.
3.3.2 veglys	Båtevollen – Hesjabakken og Båtevollen – kryss Jostedalsvegen (2020)	Ferdigstilt.
3.3.2 veglys	Vidare utskifting av HQL lampar	Mykje HQL- lampar er no skifta ut - målet er at dei siste vert skifta 2025/ 2026.
3.3.2 veglys	Utskifting veglys Leirdalen, samarbeid med grunneigarar i Leirdalen	Ferdigstilt, manglar tilkopling til ny trafo.
3.3.2 veglys	Høyheimsvik – kryss Skildheimsvegen (Gartnerhallen)	Ikkje sett opp veglys.
3.3.2 veglys	Fv 55 idrettsbane Skjolden og utover til Hauge	Ikkje sett opp veglys.
3.3.2 veglys	Solvivegen	Ferdigstilt.
3.3.3 Gang- og sykkelvegnett	Reguleringsplan Gaupne/Øyagata m/fortau	Reguleringsplan vedteken i 2024, er til klagehandsaming hjå Statsforvaltaren
3.4 Kaiar	Kommunal overtaking av kai i Solvorn	Sikra eigarskap til Vetlekaien, varsla ekspropriasjon på Storekaien.
3.4 Kaiar	Tiltak kai på Ornes, ev kommunal overtaking.	Må tiltak til i ny planperiode/anbodsperiode.
3.4 Kaiar	Oppgradering av fendere på kommunekaien i Gaupne	Ikkje utført.
3.5 Skipslei	Frå småbåteigarar er det kome opp ønskje om merking av eit skjer ved Bruknappen, utanfor Vedvik. Kontaktar Kystverket for anmodning om merking.	Ikkje utført.
3.7 Trafikktrygging	Tiltak Øyagata	Fartsdemparar frå ungdomshuset og framover er etablert, og gata er renovert frå Rådhuskrysset til Nesgården.
3.7 Trafikktrygging	Fortau Bakkingavegen, frå Hafslo sentrum til avkjøring Klokkesteinvegen.	Detaljplanlegging pågår med mål om oppstart anleggsarbeid våren 2025.

3.7 Trafikktrygging	Vidare prioriterte tiltak på bakgrunn av revidert trafikktryggingsplan.	Fleire tiltak er gjennomført med støtte frå VLFK, bla nytt rekksverk på bru og veglys.
3.8 Trafikk og parkering	Solvorn <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Kjøp av områda kai og areal ved kyrkja.</li> <li>○ Opparbeiding av parkeringsplass ved kyrkja</li> <li>○ Arbeide for parkeringsplass langs Fv og snuplass for buss før innkjøring til Solvorn sentrum.</li> <li>○ Betre skilting</li> </ul>	Varsla oreigning på storekaien og pakkhuset, saka går i 2025.  Parkeringsplass ved kyrkja er fullført og det er utarbeidt skiltplan som er iverksatt.  Snuplass er lagt inn i kommuneplanen sin arealdel som er til handsaming i 2024.
3.8 Trafikk og parkering	Gaupne <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Kjøp av bustadhus i Gaupne, plan/tiltak bussterminal. Omregulering</li> <li>○ Vurdere innføring av parkeringsforskrift for betre regulering av korttid- og langtidsparkering, spesielt med tanke på Solvorn og Gaupne</li> </ul>	Kjøp av bustadhus er gjennomført. Parkeringsforskrift er innført i heile Luster kommune, men det er berre i Solvorn det er innført regulering.
3.9 Privatveg	Vurdere regelverket.	Vert gjort i ny KTP
3.10 Ladestasjon	Hurtigladestasjon på Skjolden	Fekk ikkje drivvarar i Skjolden. Bensinstasjonen i Fortun fekk tilskot og etablerte ladestasjon.

## 5 VEDLEGG

### 5.1 Vedlegg 1: Fakta om kommunale vegar

Kommune 26 LUSTER	m	Dekke	Bruer	Sikring	Kommentar
<b>Fortun</b>					
Bjørk – Øyane	2 000	Grus		Godt sikra	
Drægni	500	Grus	1 trebru		Brua treng vedlikehald - overslag kr.700.000
<b>Skjolden</b>					
Frå øvre Bolstad – X Fv. ved Sandtak	1 200	Asfalt			Behov for grøfting og noko asfalt.
Resten av Bolstad – Vegen	800	Asfalt		Godt sikra	
Bustadfelt Bolstadmoen 1	420	Asfalt			
Bustadfelt Bolstadmoen 2	650	Asfalt			
Mørkrid – Tråhammar	400	Grus		Ikkje sikra.	
Gamle Eide bru			1 trebru		Stengt for køyretøy - gangbru.
Kryss v/hotellet – Gamle Eide bru	100	Asfalt			
Resten av vegar – Skjolden sentrum	1 000	Asfalt			
<b>Sørsida</b>					
Kroken – Lingjerde	1 300	Grus			
Ornes – Kinserdal	4 000	Asfalt		Mykje skada rekkverk	Mykje kratt under rekksverket.

Vegen til kaien på Sørheim	200	Asfalt			
<b>Luster</b>					
X fv 55 - Tallagjerdet	5 100	Asfalt/ grus	1 betongbru	Godt sikra	
Resten av Dalsdalsvegen	3 700	Grus	2 betong bruer, ferister.		Utsett for flaum/ ras - Vintrakloppi utbeta 2024.
X fv 55 – Steinabakkane	700	Asfalt		Rekkverk	Asfalt og rep. Mur 2023
X fv 55 – Fjordglas	800	Asfalt		Rekkverk	
Fjordglas– Harastølen	4 700	Oljegrus/ Grus			Vegen blir nytta opp til skihytta om vinteren, utgift til brøyting og strøing
Vegar i Bringebakkane	1 200	Asfalt		Rekkverk	Behov for grøfting.
Krossen - Bringe - Urne	2 040	Grus	Ferister.	Rekkverk	
<b>Høyheimsvik</b>					
X fv 55 – Markstein – Skildheim	1 700	Asfalt/ grus		Ikkje plass til sikring,	Bratt og smal veg - kan den stengast for gjennomkjøring.
Skildheim – Talle – X fv 55	3 100	Grus/ asfalt			
X fv 55 – Høyheim	1 400	Asfalt		Rekkverk	Dekkeskader i enden av vegen
<b>Gaupne</b>					
Vegar i Gaupne – Sentrum	2 300	Asfalt	1 betong (gang)	1 stein	
Gaupne – Engedalen – Råum	8 600	Grus	4 betongbruer	Behov for rekkverk/ støypekant.	Vanskeleg å sikre pga. murar og smal veg. Lågt akseltrykk.

Parkeringsplassar i sentrum	200	Asfalt			Treng reperasjon av kantstein og grøntområder
Røneidsvegen	2 200	Asfalt			
Røneid bru					Rep. 2020
Rørslebakkane	1 500	Asfalt		Rekkverk	Reparasjon ved "Salen".
Sandvik Nord	1 000	Asfalt		Rekkverk	
Grandmofeltet	500,0	Asfalt			
Gaupnegrondane	1 150	Asfalt	1 betongbru		
Sandvik Sør	800	Asfalt		Rekkverk	Oppretting rekerverk
Tvingeborgneset	400	Asfalt		Rekkverk	
Bruflat 2	645	Asfalt			
Fv 604 - behandlingsanlegg Røneid	160	Grus			
Bustadfelt Bruflat	240	Asfalt			
Røneidsgrondane	300	Asfalt			
Veg til Grindane	400	Asfalt			Vegen ligg med tverfall for å spare grøft.
<b>Jostedalen</b>					
Leirdalsvegen	3 600	Asfalt		Rekkverk/ støypekant	
Vigdalsvegen	4 600	Asfalt	1 betong og 1 tunnel	Rekkverk	Noko steinnesfall oppom tunnelen.

X fv 604 – Alsmo	1 100	Grus			Stikkrenne skifta 2024
Fylkesvegen – Breelvi	1 000	Asfalt	1 trebru, ferist		Utbetreibung til brui?
Breelvi – Mjølversgrend	700	Grus			Reparasjon av mur 2024 el.2025.
Kvernadalens – Nedreli – Halveg	1 500	Grus			Veg til Gardshaugen er no privat.
Hesjevoll – Instegard – Bakken	1 700	Grus	Ferister.	Ikkje sikra.	Behov for sikring?
Bustadfelt Haugåsen	650	Asfalt			
Fv 604 - Fossyane - Fv 604	1 150	Asfalt			Skifte stikkrenne 2025?
Veg vassbehandlingsanlegg Gjerde	250	Grus			
Parkeringsplass Bergset	250	Grus			Bør asfaltermast.
<b>Marifjøra</b>					
X fv 603 Distriktslege – Marifjøra	200	Grus		Rekkverk	I samband med byggjefelt i Marifjøra må vegen leggast om.
<b>Indre Hafslø</b>					
X fv 55 -Marheim – Svingaplassane	4 400	Grus	1 betong bru	Noko rekkverk	Utbetring av veg mot Marheim saman med va- Marifjøra?
Xfv 55 – Joranger - Oppheim - Tørvi	3 900	Asfalt/ grus	2 betongbruer	Rekkverk.	Grusveg til Tørvi - smal og dårlig bereevne. Skada rekkverk. Ny asfalt til Joranger kyrkje 2024
Xfv 55 – Fet kyrkje	200	Asfalt			Noko rep. Og ny asfalt 2025?
Budstадfelt Lundshaugen	180	Asfalt			
Lundskloppi – Lambhaug	1 200	Asfalt			Asfalt og forsterking 2025.

Xfv 55 – Høgi	2 100	Asfalt/ grus		Noko rekkverk	Bør ryddast skog, därlege grøfter, meir rekkverk.
X fv 55 – Oppheimshaug – Øyni - Fruli	4 500	Grus	2 betong bru	Noko rekkverk	
Melheim – Bruheim – X fv 55	2 550	Grus		Noko rekkverk	
<b>Mollands-marki</b>					
X fv 55 – Mollandsmarki	8 800	Grus			Dårleg bereevne - kan ikkje asfalterast.
<b>Hafslo</b>					
Krekavegen + vegarm til Nordheim	2 600	Asfalt			
Bakkingavegen	2 400	Asfalt	1 tre og 1 betong bru	Rekkverk	Parsell frå Buene - til Beheimsfeltet inkl.fortau 2025.
Beheimsfeltet	1 100	Asfalt		Rekkverk	
Vegar i Hafslo – Sentrum	1 100	Asfalt			Veg ned til barnehagen må asfalterast.
Bustadfelt Galden Nord	1 700	Asfalt			Dekke er ca 20 år - behov for lapping.
Solvi - Sterri	800	Asfalt			
X fv 55 - Kjos	1 340	Grus		Nytt rekkverk	Dekke reparert 2025 i samband med veglys.
Hestnes feltet	1 250	Asfalt			
X fv 55 - Galdetoppen industriområde	300	Asfalt			Ferdig asfaltert 2024.
Sterri - Kjos	260	Asfalt			
<b>Solvorn</b>					

Fylkesvegen – Øvrebø	1 000	Grus			Bør forsterkast og asfalterast.
Fv. – Løteigane – Øvrebø	1 800	Asfalt		Rekkverk	
Vegar i Solvorn – Sentrum	100	Asfalt			
Løteigane	800	Asfalt			Nytt dekke 2023.
Veg til kloakkrenseanlegg Solvorn	240	Grus			Bør forsterkast og asfalterast.

## 5.2 Vedlegg 2: Fakta om veglys i Luster kommune, inkl. søknadar om nye anlegg

### Veglys Luster kommune

Stad	Strekning	Antall punkt	Langs fv.	HQL-lampar som må skiftast	Prioritert 2025
Fortun:	Langs FV (20 LED 2020)	49	49		
	Langs Fv (7 nye pkt LED 2022)	7	7		
<b>Antall punkt</b>		<b>56</b>	<b>56</b>		

Skjolden:	Nymoen-Hauge (8 LED 2022)	14	14		
	Sentrum ("bøttelampar")	40			
	Skjolden brygge-Nymoen (5 LED 2022)	17			
	FV mot Mørkridsdalen (LED 2021)	33	33		
	Skulebakken (LED 2021)	4			
	Sandalunden-Moavegen	19			
	Bolstadvegen, Vassvegen (LED 2022)	55			
	Skule (parkarm.)	10			
<b>Antall punkt</b>		<b>192</b>	<b>47</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

Sørheim:	Fylkesvegen - kaien,	6			0
----------	----------------------	---	--	--	---

Ornes:	Frå kai til kyrkje	21	21	21	0
--------	--------------------	----	----	----	---

Kinsedal:	Kailys	0			
-----------	--------	---	--	--	--

	Snuplass	1			
<b>Antall punkt</b>		<b>1</b>			<b>0</b>

<b>Luster:</b>	Smia - Solstrand (32 LED 2017 og 2020)	69	69		
	Steinabakkane	15		15	15
	Harastølsvegen	16		16	16
	Bringebakkane (LED 2021)	26			
	Markstein (LED)	3	3		
	Kvitevollen	7			
	Skule/barnehage (parkarm.)	5			
	Omsorgsenteret (parkarm.)	20			
	Gangveg bak skule (LED 2021)	3			
<b>Antall punkt</b>		<b>164</b>	<b>72</b>	<b>31</b>	<b>31</b>

<b>Høyheimsvik:</b>	Lust.Gr.-Skildh.	5			
	Høyheimsvegen	25			
	Langs FV (LED)	7	7		
<b>Antall punkt</b>		<b>37</b>	<b>7</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

<b>Nes:</b>	Langs FV (LED) (2 tekne ned)	15	15		
	Neshøgdi Nedre (2015)	10			
	Neshøgdi Øvre (2017) (3 LED)	10			
<b>Antall punkt</b>		<b>35</b>	<b>15</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

<b>Gaupne:</b>	Skarpamoen (utvida 2013 med 4stk.)	23	23		
	Røneid (LED 2021)	36			
	Røneid nord (2013)	18			
	Røneidsgrandane (mast v7 Blanderiet?)	9			
	Gardavegen (x Øyag.- x Engjadalsv.) (14LED 2022)	26			
	Røslebakken (LED 2021)	34			
	Grandmo + gangveg mot skule	22		13	13
	Gaupnegrondane (LED 2021)	20			
	Rockegata	9			
	Øyagata (bru - Rådhuskrysset) 5LED 2023	34		29	29
	Sandvik sør og nord (58 LED 2021)	74		4	
	Langs FV (10 LED 2020)	33	33		
	Bukti (2015)	9			
	Verket 2 (2018)	10			
	Bruflat og Øyane	54			
	Grindane	10			
	Engjadalsvegen (6 LED 2020, 4LED 2022)	17			
	Rådhusvegen - pyramiden (19 LED 2021)	24			
	Bruvoll	9		9	9
	Nesgården - ungdomsskulen	6		6	
	Parkarmatur sentrum (parkarm.)	68		48	
	Ungdomsskulen (parkarm.)	26		26	
	Barneskulen (parkarm.)	9		6	
	Omsorgsenteret / eldres. (parkarm.)	35		3	

<b>Antall punkt</b>		<b>615</b>	<b>56</b>	<b>144</b>	<b>51</b>
<b>Jostedal:</b>	Haugåsen (LED 2020)	15			
	Leirdal (LED 2021)	12			
	Myklemyr (LED 2020)	16	16		
	Gjerde	13	13		
	Vigdal (tunnel)	11			
	Fossøy	16			
	Jostedal skule (HQL ?)	3			
<b>Antall punkt</b>		<b>86</b>	<b>29</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Marifjøra:</b>	Langs FV	8	8		
	Marifjøra-Hundshamar	21	21		
<b>Antall punkt</b>		<b>29</b>	<b>29</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Indre Hafslo:</b>	Tangen (LED)	9	9		
	Joranger (LED) 44 LED 2023	44			
	Livtun-Lambhaug (19 LED 2022)	80	80		
	Skule/Barnehage	15			
	Lundshaugen	8			
	Fet kyrkje	6			
	Ekrevegen	30			
<b>Antall punkt</b>		<b>192</b>	<b>89</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

<b>Mollandsmarki:</b>	Ved grendahuset (Grendalag eig).	<b>14</b>		<b>14</b>	<b>0</b>
<b>Hafslo:</b>					
	Beheimsfeltet - Bakkingavegen (19LED)	84		14	
	Sentrum-Moane (62 LED)	86	86		
	Sentrum	23	15		
	Mobakken (LED 2021)	5			
	Sentrum-Stolpen (3 LED)	43	43		
	Gangveg Galden - Stolpen (16 LED 2020)	16			
	Gangveg Galden - Stolpen (Fjernast 10stk.)				
	Galden (LED 2020)	36			
	Galden-Hestnes gangveg	17	17		
	Langs FV Stolpen - Hillestad	34	34		
	Kjos (Nytt 2024)	25			
	Hillestad - Sterri - Hauge (LED 2022)	40			
	Hestnes	68			
	Krekavegen m/ Norheim (2009)	51			
	Galdetoppen industriområde 2015	6			
	Botn (LED)	29			
	Skule / barnehage	37			
	Omsorgsenter (LED 2021)	16			
<b>Antall punkt</b>		<b>616</b>	<b>195</b>	<b>14</b>	<b>0</b>
<b>Solvorn:</b>	Løteigane til kryss FV	21		21	
	Langs FV + kai	19	9	14	

	Haugen	8			
	Borhaug (x kyrkja - x Øvrebø)	35			
	Øvrebø (2008)	8			
<b>Antall punkt</b>		<b>91</b>	<b>9</b>	<b>35</b>	<b>0</b>
<b>Veitastrand:</b>	Langs fylkesveg (54 LED, 2019)	<b>108</b>	<b>108</b>		<b>0</b>
	<b>Gatelys per 14.10.2024</b>	<b>2 263</b>	<b>733</b>	<b>259</b>	<b>82</b>

# Veglys Luster kommune

Oversyn over omsøkte strekningar for veglys som har vore prioritert utbygd inkl.

Anlegga som er utbygd av private og der Luster kommune har overteke heilt eller delvis ansvar for drift og vedlikehald.

Stad	Strekning	Lengd (meter)	Merknad
<b>Fortun:</b>	Bensinstasjonen - Hagane	400	Bygd
	Linja-Fortun		Bygd av ÅSV
<b>Skjolden:</b>			
	Forlenging forbi bensinstasjonen	100	Lys i Sagøy
	Kvernabakken - Flohaug	400	Bygd
	Skjolden hotell - Gamle Eidsbrua	150	Bygd
	Bolstad skule, 3 pkt.		Bygd
<b>Sørheim:</b>			
<b>Ornes:</b>	Frå kai til kyrkje		Bygd av Luster kommune, tilskudd frå stat.
<b>Kinsedal:</b>			Privat utbygd. Luster kommune har overteke drift og vedlikehald.
	Kailys og snuplass		
<b>Luster:</b>			
	Steinabakkane - 2. sving Sanatorievegen	600	Privat utbygd. Luster kommune har overteke drift og vedlikehald.
<b>Høyheimsvik:</b>			
<b>Nes:</b>			

	Neshøgdi		Bygd av LK langs Fv
	Orrhaug (privat byggjefelt)		Bygd - kommunen har overteke drifta.
<b>Gaupne:</b>	Røneid - Stegegjerde, (eks. Skarpamo)	2100	Røneid - Skarpamo er bygd.
	Skarpamo – gamlevegen Røneid		Bygd 2013
	Hesjabakken - Lundane	400	Bygd 2021
	Sandvik sør, 5 punkt		Bygd 2013
	Gardavegen - Tandle	250	Bygd 2022
	Endring gatelys Leirdalen		Bygd
	Lysetting Øyagata		Bygd
<b>Jostedal:</b>			
	Leirdalen, skifte til stålmaster		Bygd 2021
<b>Marifjøra:</b>	Fv 55-Marifjøra		2 punkt bygd av bygdalag
	Marifjøra-Hundsh		Bygd av bygdalag, Luster kommune har overteke drift og vedlikehald.
<b>Indre Hafslø:</b>	Lambhaug - Feet	1000	Bygd 2011
	Livdtun - Geitaneset	480	Oppsett 1 pk av bygdalaget. Luster kommune betalar straum
	Lundshaugen bustadfelt - Fet	400	Bygd 2011
	Veglys Livdtun - Joranger kyrkje		Bygd 2024
	Livdtun - Geitaneset	480	Oppsett 1 pk av bygdalaget. Luster kommune betalar straum.

<b>Mollandsmarki:</b>	Ved grennahuset		Utbygd av bygdalag 2000. Luster kommune betalar straum etter rekning
<b>Hafslo:</b>	Hafslo kyrkje - Moane	2500	Bygd 2017
	Vegaskjelet - Sætrekrysset Sterri - Norheim	3000	Bygd 2009
	Hestenes		Bygd 2013
	Solvivegen		Bygd 2023
<b>Solvorn:</b>	Borhaug		Bygd 2013
<b>Veitastrond:</b>			Privat utbygd. Luster kommune har overteke drift og vedlikehald.

## Veglys Luster kommune - Oversyn over omsøkte strekningar for veglys som ikkje har vore prioritert, med faktagrunnlag

Stad	Strekning	Len gd (met er)	Merknad	Tal innbyggjar ar på strekket totalt	Tal innbyggjrar 0-5	Tal innbyggjrar 6-15	Tal innbyggjrar 15+	Skuleve g - heile vegen til skule	Skuleveg - til busstop p	Fylkesveg / kommuneveg
<b>Fortun:</b>										
<b>Skjolden:</b>	Vidareføring utover frå idrettsbana	350	Ikkje bygd	10	0	1	9	Ja	Ja	Fylkesveg
	Fjøsnaneset - Øygarden	700	Ikkje bygd	8	0	0	8	Ikkje no	Ikkje no	Fylkesveg
<b>Sørheim:</b>	Langs fylkesvegen	900	Ikkje bygd	8	0	1	7	Ikkje no	Ja	Fylkesveg
<b>Ornes:</b>										
<b>Kinsedal:</b>										
<b>Luster:</b>	Essostasjonen - Markstein	1250	Ikkje bygd	22	4	2	16	Ja	Ja	Fylkesveg
	F.v. 55 - Skårhaugane i Dalsdalen	960	Ikkje bygd	26	1	2	23	ja	Ja	Kommuneveg
<b>Høyheimsvik:</b>	Høyheimsvik – Kryss med vegen til Skildheim	1000	Ikkje bygd	28	0	5	23	Nei	Ja	Fylkesveg
<b>Nes:</b>	Neshøgdi - "Nes skule"	1200	Ikkje bygd	11	0	0	11	Nei	Ja	Fylkesveg

<b>Gaupne:</b>											
	Gamlebrui – Kryss Røneidsvegen	70	Ikkje bygd		13	1	3	9	Ja	Ja	Fylkesveg / kommuneveg
<b>Jostedal:</b>	Utviding på Myklemyr	960	Ikkje bygd		6	0	0	6	Nei	Nei	Fylkesveg
	Utviding til Arnfinn Gjerde på Gjerde	325	Ikkje bygd		0	0	0	0	Nei	Nei	Fylkesveg
	Ved Nigardsbreen pensjonat	120	Ikkje bygd		0	0	0	0	Nei	Nei	Fylkesveg
<b>Marifjøra :</b>											
<b>Indre Hafslo:</b>											
	Livdtun - Geitaneset	480	Oppsett 1 pk av bygdalaget. Luster kommune betalar straum. Fornya søknad 2024		0	0	0	0	Nei	Ja	Fylkesveg

	Lambhaug - F.v.55, over bosplassen	550	Ikkje bygd, delvis forny søknad 2024, sjå pkt. Liarmen								
	Lambhaug - Melheim	900	Søknad 2024	28	3	1	24	Ja	Ja	Kommuneveg	
	Melheim - Bruheim	1320	Søknad 2024	32	4	6	22	Ja	Ja	Kommuneveg	
	Liarmen - bustadområde	210	Søknad 2024	11	0	0	11	Ja	Ja	Kommuneveg	
	Lambhaug - Ugulen kryss fv 55	615	Søknad 2024	1	0	0	1	Ikkje ne	Ikkje ne	Fylkesveg	
	Til Lambhaug bedehus	100	1 lyspunkt, utskifting av gamle, oppgradering					Nei	Nei	Privat veg	
<b>Mollands marki:</b>	Utskifting av lampar Råum - Sie		Søknad 2019								
				5	0	0	5	Nei	Ikkje ne	Kommuneveg	
<b>Hafslo:</b>											

	Solbakkenfeltet		Privat byggjefelt. Søkt Luster kommune i 91 og 93 om støtte til utbygging og drift. Søknad avslått		27	1	3	24			Er lys, omhandlar søknad om kommunal overtaking
	Resten av Kjosavegen	300	Fornya søknad 2024		5	0	0	5	Ikkje ne	Ikkje ne	Kommuneveg
<b>Solvorn:</b>											
<b>Veitastrond:</b>											

### 5.3 Vedlegg 3: Gang- og sykkelvegnett

Revidert samfunnssdel i kommuneplanen frå 2022 seier ingen ting generelt om fortau, gang- og sykkelveg mellom bustadområde og sentrumsområde, skule og barnehage, men planen har nokre rekkefølgekrav som gjeld dette. Samfunnssdelen i kommuneplanen frå 2013 sa at kommunesenter og bygdesenter skal prioriterast når det gjeld bygging av fortau, gang- og sykkelveg.

I kommuneplanen, arealdelen, er det uråd å sjå kartlaget som viser eksterande og framtidige gang- og sykkelvegar + turstiar – noko som skuldast eit kartteknisk problem.

Kommunesenter: Gaupne

Bygdesenter: Hafslo, Jostedal og Skjolden.

Bygdelag: Solvorn, Veitastrond, Indre Hafslo, Luster, Fortun og Sørsida av Lustrafjorden.

#### **Uprioritert liste over fortau, gang- og sykkelveg og turvegar som er regulert, men enno ikkje utbygd.**

**Eller som skal regulerast/byggast i samsvar med kommuneplan og/eller planleggingsprogram.**

##### **Gaupne**

Kva type tiltak	Planstatus	Status
Fortau 300 meter langs vegen på Gaupnegrandane	Reguleringsplan Vedteken 16.12.2016	Ikkje opparbeida. Er ein del av sentrumsnær turløype/rundtur.
Turveg langs Engjadalselva 240 meter	Reguleringsplan Vedteken 16.12.2016 KDP idretts- og friluftsliv	Delen nærmast FV 55 er opparbeida. Er ein del av sentrumsnær turløype/rundtur.
Skuleveg - Fortau 250 meter langs Engjadalsvegen	Reguleringsplan Vedteken 20.6.2013	Utført
Turveg 50 meter langs Engjadalselva	Reguleringsplan Vedteken 20.6.2013 KDP idretts- og friluftsliv	Siste stykket er ikkje opparbeida med stigning som kan nyttast av barnevogn og sykkel, slik reguleringsplanen legg opp til.
Fortau 66 m langs Øyagata mot omsorgsbustader	Reguleringsplan Vedteken 30.9.1998	Ikkje opparbeida. Vurdera behov og løysning i samband med sentrumsplanen.
Fortau 167 m langs Rådhusgata mot Gaupnetun	Reguleringsplan Vedteken 24.6.1998	Ikkje opparbeida. Vurdera behov og løysning i samband med sentrumsplanen.

	Skuleveg - Fortau/gang- sykkelveg 340 m langs Sandviksvegen	Reguleringsplan Vedteken 4.5.1983	Er opparbeida, men har breidde 1,5 m som gjer brøyting vanskeleg.
	Skuleveg - Fortau 420 m langt fortau langs Øyagata	Kommuneplan. Plan for trafikktrygging	Ikkje regulert. Rekkefølgekrav før utbygging av byggfelt Grindane 2
	Skuleveg - Fortau 150 m fortau langs Gardavegen v/ Bukti	Kommuneplan. Plan for trafikktrygging	Ikkje regulert. Rekkefølgekrav før utbygging av byggfelt Grindane 2
	Skuleveg - Fortau 230 m fortau langs veg opp i Røslebakkane	Plan for trafikktrygging	
	Turveg Gaupne-Marifjøra 50 m av totalt 2,3 km	Regulert	Utført
	Gang- og sykkelveg 310 m på Røneidsgrandane langs FV 55	Reguleringsplan Vedteken 2.3.1987	Utført
	Turveg 320 meter langs Jostedøla	Reguleringsplanar Vedteken 14.06.2017 og 2.3.1987	Ikkje opparbeida.
	Gang- og sykkelveg Langs FV 55 over Jostedalselvi	Planleggingsprogrammet	Framdrift ikkje sett. Regulert i Gaupnegrandaneplan

#### Marifjøra

Kva type tiltak	Planstatus	Status
Gang- og sykkelveg 230 meter frå kai til småbåthamn	Reguleringsplan Vedteken 10.4.1997	Ikkje opparbeida.

#### Hafslo

Kva type tiltak	Planstatus	Status
Turveg 470 m langs vatnet ved Botn	Reguleringsplan Vedteken 13.9.2019	Byggfeltet er under bygging Del av Hafslvatnet rundt KDP idrett- og fysisk aktivitet
Gang- og sykkelveg Frå sentrum til småbåthamn	Reguleringsplan Vedteken 24.3.2010	Ikkje opparbeida Del av Hafslvatnet rundt KDP idrett- og fysisk aktivitet
Turveg/sti mellom skisenter og Modvo 1,4 km	Reguleringsplan Vedteken 14.12.2017	Ikkje opparbeida Del av rundløype for sommaraktivitet på skisenteret

Gang- og sykkelveg 475 m langs FV 55 frå Krekavegen/Modvovegen til avkjøring skisenter Heggmyrane	Reguleringsplan Vedteken 14.12.2017	Ikkje opparbeida. Rekkefølgekrav ved utbygging av hyttefelta i området.
Skuleveg - Fortau Fortau langs Bakkingavegen 600 m	Reguleringsplan Vedteken 26.4.2012 med 350 m regulert fortau. 250 m vist i kommuneplan, men ikkje regulert	Ikkje opparbeida Skuleveg frå byggefelta Beheim m.fl.
Framtidig skuleveg 900 m gang- og sykkelveg til nytt bustadfelt Prestegarden	Kommuneplan	Prestegarden er ute av kommuneplanen. Områdeplanen har med fortau til kyrkja
<b>Jostedal</b>		
<b>Kva type tiltak</b>	<b>Planstatus</b>	<b>Status</b>
Fortau/Gang- og sykkelveg 320 m langs Jostedalsvegen mellom byggefelt og sentrum	Ikkje regulert	Ikkje prioritert i planleggingsprogrammet
Gang- og sykkelveg 250 m langs Jostedalsvegen langs byggefeltet	Reguleringsplan Vedteken 1.2.1980	Ikkje opparbeida.
<b>Skjolden</b>		
<b>Kva type tiltak</b>	<b>Planstatus</b>	<b>Status</b>
Skuleveg - Fortau. 325 m fortau langs Bolstadvegen.	Reguleringsplan Vedteken 18.6.2015	Er eit smalt, svært därleg/smalt «fortau» her som må etablerast på nytt som regulert.
Turveg 2 km frå Skjolden til Wittgenstein	Privat reguleringsplan Vedteken 13.3.2014	1 km er ikkje bygd 1 km er bygd
Gangveg 100 m frå bru Mørkridselv til avkjøring sentrum	Reguleringsplan Vedteken 13.9.1995	Ikkje opparbeida. Mange cruise-turistar går her. Er også regulert «gangbru» langs eksisterande bilbru.
<b>Solvorn</b>		
<b>Kva type tiltak</b>	<b>Planstatus</b>	<b>Status</b>
<b>Veitastrond</b>		
<b>Kva type tiltak</b>	<b>Planstatus</b>	<b>Status</b>
<b>Indre Hafslø</b>		

Kva type tiltak	Planstatus	Status
Turveg 290 meter av gamle «riksvegen»	Reguleringsplan Vedteken 25.6.1997	Er ikkje råd å gå der den er regulert. Manglar samanknyting og status.
<b>Fortun</b>		
Kva type tiltak	Planstatus	Status
Regulering av «sentrumsområde» med fokus på trafikktrygging	Planleggingsprogrammet	I samband med ny trafostasjon
<b>Luster</b>		
Kva type tiltak	Planstatus	Status
<b>Sørsida</b>		
Kva type tiltak	Planstatus	Status
Turveg Kai-Kyrkje	Kommuneplan	

**Uprioritert liste over tiltak som manglar reguleringsplan eller kartfesting i kommuneplan – arealdelen og som er fortau, gang- og sykkelveg eller turvegar som kan nyttast som tilkomst mellom bustadområde og sentrumsområde og/eller skule.**

<b>Gaupne</b>	Manglar fortau/trygg skuleveg for dei som bur i Røslebakkane og Bukti. Manglar gang- sykkelveg frå barnehagen til sentrum.
<b>Hafslo</b>	Manglar trygg fortau/skuleveg frå dei som bur i Beheimsfelta.
<b>Jostedal</b>	Det er så lang veg mellom bustadfelt og skule at det løyser ut krav om skuleskyss.
<b>Skjolden</b>	Manglar fortau frå sentrum til skule.

## 5.4 Vedlegg 4: Vedlikehaldstilskot private vegar 2024

### TILSKOT TIL VEDLIKEHALD AV PRIVATE VEGAR 2024

BUDSJETT : **600 000 kr**  
 GRUNNSATS: **16,15 kr/m**  
 MINSTESUM: **1 500 kr**

A = tal interesserter

B = total veglengd

C = tilskotslengd

D = 10% tillegg for stigning over 1:10 / 25% tillegg for stor allmenn trafikk

E = 25% tillegg for stigning over 1:8

F = 25% tillegg for mykje snø

G = totalt vedlikehaldstilskot

	<b>A</b>	<b>B</b>	<b>C</b>	<b>D</b>	<b>E</b>	<b>F</b>	<b>G</b>
<b>FORTUN</b>							
Bondøy - Bjørkehaugen v/ John Rolf Bjørnevåg	2	1 000	800	1,00	1,00	1,00	<b>12 920</b>
Yttrisbrui - Sagtun v/Kåre Hammerborg	1	750	650	<b>1,10</b>	1,00	1,00	<b>11 547</b>
Drægni - Øygarden v/Wilfred Pedersen	4	1 200	800	1,00	1,00	1,00	<b>12 920</b>
Drægni - Flaten v/ Jenny Sofie Flaten	1	365	265	1,00	1,00	1,00	<b>4 280</b>
<b>SKJOLDEN</b>							
Lovelund - Haukadal v/ Arne Haukadal	2	1 200	1 000	1,00	1,00	1,00	<b>16 150</b>
Fv.-Hovland-Øygarden v/Peder Nundal	2	2 600	2 400	1,00	1,00	1,00	<b>38 760</b>
Mørkrid - Meljane v/ Øyvind Listou	3	900	600	1,00	1,00	1,00	<b>9 690</b>
Kreken-Bergsenden i Mørkridsdalen v/Rune Fuglesteg	1	1 250	1 150	1,00	1,00	1,00	<b>18 573</b>
<b>LUSTER</b>							
Kolstadvegen v/ Steinar Listou	1	1 800	1 700	<b>1,25</b>	<b>1,25</b>	<b>1,25</b>	<b>53 623</b>
Bergevegen v/ Magnar Kvam	1	2 450	2 350	1,00	<b>1,25</b>	<b>1,25</b>	<b>59 301</b>
Åsen v/Odd Christoffer Aasen	2	1 700	1 500	<b>1,10</b>	1,00	<b>1,25</b>	<b>28 868</b>
Rv. - Ottum v/ Reidar Fjøsne	3	1 400	1 100	1,00	<b>1,25</b>	1,00	<b>22 206</b>
Seielstad/ Ormberg v/ Tormod Ormberg	2	740	540	1,00	1,00	1,00	<b>8 721</b>
Øygardsvegen v/Johannes Øygarden	2	540	340	1,00	<b>1,25</b>	1,00	<b>6 864</b>

	<b>A</b>	<b>B</b>	<b>C</b>	<b>D</b>	<b>E</b>	<b>F</b>	<b>G</b>
Rv. 55 - Heri v/ Harald Hærum	2	420	220	<b>1,10</b>	1,00	1,00	<b>3 908</b>
<b>JOSTEDAL</b>							
Neset og Åsastøl v/Anders Åsestøl	2	700	500	1,00	1,00	<b>1,25</b>	<b>10 094</b>
Ormberg og Elvøy v/Nils Joar Ormberg	4	1 250	850	1,00	1,00	<b>1,25</b>	<b>17 159</b>
Øvre Fåberg v/ Steinar Brun	2	650	450	<b>1,10</b>	1,00	<b>1,25</b>	<b>9 993</b>
Fv. - Nordheim v/ Marius A. Haugsvær	1	885	785	1,00	1,00	<b>1,25</b>	<b>15 847</b>
Rv. - Åsen v/ Asbjørn Åsen	2	1 720	1 520	1,00	1,00	<b>1,25</b>	<b>30 685</b>
Bruheim v/ Anny Th. Bruheim	1	400	300	1,00	1,00	<b>1,25</b>	<b>6 056</b>
Øvregardsvegen v/ Ove Haugen	2	410	210	1,00	1,00	<b>1,25</b>	<b>4 239</b>
Leirdalen v/Håvard Evjested	1	330	230	<b>1,10</b>	1,00	<b>1,25</b>	<b>5 107</b>
Moen/ Stegen v/ Olav Bruheim	1	380	280	1,00	1,00	<b>1,25</b>	<b>5 653</b>
<b>INDRE HAFSLO</b>							
Opheim - Sjåflat v/ Hallgeir Nes	1	770	670	1,00	1,00	<b>1,25</b>	<b>13 526</b>
Bruheimsvegen v/ Ellen Beate N. Bruheim	1	500	400	1,00	1,00	<b>1,25</b>	<b>8 075</b>
Rv. - Lad v/ Arne Lad	3	900	600	1,00	1,00	<b>1,25</b>	<b>12 113</b>
Kommunevegen - Solhaug v/Thorleiv Hurthi	1	380	280	1,00	<b>1,25</b>	<b>1,25</b>	<b>7 066</b>
Rv.55 - Falkgjerdet v/ Oddfrid Falkgjerdet	3	750	450	1,00	1,00	<b>1,25</b>	<b>9 084</b>
Joranger - Bekkjen v/ Øystein Urnes	2	460	260	1,00	1,00	<b>1,25</b>	<b>5 249</b>
Eikeberg; Mollandsmarki v/ Leif Eikeberg	1	310	210	1,00	1,00	<b>1,25</b>	<b>4 239</b>
Gården v/ Knut Steinar Lingjerde	1	630	530	<b>1,10</b>	1,00	<b>1,25</b>	<b>11 769</b>
<b>HAFSLO</b>							
Rv. - Oklevik v/Ove Oklevik	1	550	450	1,00	1,00	<b>1,25</b>	<b>9 084</b>
Sie v/ Gunnar Sie (Mollandsmarka)	1	700	600	1,00	1,00	<b>1,25</b>	<b>12 113</b>
Øygarden Mollandsmarki v/ Håvard Vinda	1	420	320	1,00	<b>1,25</b>	<b>1,25</b>	<b>8 075</b>
Eldbjørg Buskaker (139/ 14)	2	360	160	1,00	<b>1,25</b>	<b>1,25</b>	<b>4 038</b>
Veg til Buskaker v/ Hilde Buskaker	1	340	240	<b>1,10</b>	1,00	<b>1,25</b>	<b>5 330</b>
<b>VEITASTROND</b>							
Øyavegen v/John Molland	3	700	400	1,00	1,00	<b>1,25</b>	<b>8 075</b>
Snauedalsstølen v/ Øivind Skovly	1	400	300	1,00	<b>1,25</b>	<b>1,25</b>	<b>7 570</b>
<b>SOLVORN - KINSEDALEN - ORNES</b>							
Kryss Borhaug/sjøen - Åsen - Hamaren v/ Leif Hamaren	1	1 890	1 790	1,00	<b>1,25</b>	1,00	<b>36 136</b>
Sjøen - Borhaug v/ Jan Wangelsten	2	1 650	1 450	<b>1,10</b>	1,00	1,00	<b>25 759</b>
Veg til Olav L. Hatlevoll	1	470	370	<b>1,10</b>	1,00	1,00	<b>6 573</b>
<b>TOTALT</b>	<b>72</b>	<b>37 220</b>	<b>30 020</b>			<b>607 037</b>	

## 5.5 Vedlegg 5: Parkering og toalett v/badeplassar, turutgangspunkt m.m.

Status: Luster er ein stor turistkommune. Både innbyggjarar og turistar treng parkeringsplassar for å kunne nytte seg av dei få badeplassane me har ved fjorden, gå turar utanfor sentrumsområda eller besøkje turistattraksjonar slik som Feigefossen og Urnes stavkyrkja. Nokre av plassane har toalett, eller avtale om toalett i nærområdet. Nokre av plassane vert nytta heile året, andre mest om sommaren.

Liste over parkeringsplassar			
Gaupne			
Kvar	Kva type tiltak	Planstatus	Status
Røneidsmarki v/ kryss fylkesveg	Parkerings Turutgangspunkt sommar	Kommuneplan	v/fylkesveg og kommuneveg. Ikke bygd
Engjadalen – v/ kryss veg Brunestegen	Parkerings Turutgangspunkt heile året	Kommuneplan	Kommunal parkering og veg. Bygd
Engjadalen v/Vassvollane	Parkerings Turutgangspunkt heile året	Kommuneplan	Kommunal parkering og veg. Bygd
Engjadalen v/ Brunestegen	Parkerings. Turutgangspunkt heile året	Kommuneplan	Privat Bomveg Bygd
Marifjøra			
Kvar	Kva type tiltak	Planstatus	Status
Hafslo			

Kvar	Kva type tiltak	Planstatus	Status
Moane V/fotballbaner	Parkering Turutgangspunkt sommar	Kommuneplan Reguleringsplan	Bygd. Privat.
Moane Gyristova	Parkering for besøkande av Gyristova	Kommuneplan	v/fylkesveg. Ikkje bygd
Hafslø Hillestadstølen	Parkering i samband med (tur)veg forbi Ildretjørni. Var med i plan fra 2014 og i prosjekt «Sentrumsnære turvegar». Turutgangspunkt heile året.	Omtala i kommuneplan, men ikkje vist på kartet	Ikkje bygd Nær kommuneveg.
Hafslø Hillestadstølen	Parkering ved skytebane ved (tur)veg forbi Ildretjørni.	Ikkje omtala/vist i kartet	Bygd. Privat. Vegen til P-plassen er ofte stengt med bom.
Hafslø Galdetoppen	Parkering i samband med turutgangspunkt Øvrebøstølen.	Omtala i kommuneplan, men ikkje vist på kartet	Kommunalt område Delvis opparbeida
<b>Jostedal</b>			
Kvar	Kva type tiltak	Planstatus	Status
Bergset, Krundalen.	Parkering bil og buss. Toalett. Turutgangspunkt sommar.	Kommuneplan	Kommunal. Er bygd toalett, ikkje vurdert utvida parkerings-kapasitet for personbil.
V/Nigardsvatnet	Parkering bil og buss. Toalett. Turutgangspunkt Nigardsbreen	Kommuneplan	Privat. Bomveg. Er bygd. Er bygd toalett.
Gjerde V/Haugen	Parkeringsplass i samband med turutgangspunkt Haugafjellstølen.	Omtala i kommuneplan, men ikkje vist på kartet	v/ fylkesveg. Er bygd.
<b>Skjolden</b>			

<b>Kvar</b>	<b>Kva type tiltak</b>	<b>Planstatus</b>	<b>Status</b>
Mørkridsdalen v/sti til Osen	Parkering i samband med turutgangspunkt og hytter Osen.	Kommuneplan	Bygd
Mørkridsdalen v/Hyrnavollen	Parkering i samband med turutgangspunkt Mørkridsdalen.	Kommuneplan	Bygd
Skjolden v/kryss Bolstad	Parkering i samband med turutgangspunkt Rebni	Omtala i kommuneplan, men ikke vist på kartet	Delvis opparbeida
Skjolden v/Granfasta	Parkering i samband med turutgangspunkt Ormelid	Kommuneplan	Ikkje opparbeida
<b>Solvorn</b>			
<b>Kvar</b>	<b>Kva type tiltak</b>	<b>Planstatus</b>	<b>Status</b>
Solvorn	Parkering i samband med badeplass og besøkande Urnes stavkyrkje. Parkeringsproblem-atiikken er omtala i kommuneplanen. Trafikkanalyse Solvorn-Urnes er under utarbeiding.	Ny P-plass ved kyrkja er vist i planen.	Sjå eigen tekst i KTP
<b>Veitastrand</b>			
<b>Kvar</b>	<b>Kva type tiltak</b>	<b>Planstatus</b>	<b>Status</b>
Tungestølen	Parkering	Ikkje vist i plan. Må regulerast.	Ikkje bygd, har toalett
<b>Indre Hafslø</b>			
<b>Kvar</b>	<b>Kva type tiltak</b>	<b>Planstatus</b>	<b>Status</b>
Mollandsmarki Krossen	Parkering bil + snuplass buss. Toalett. Turutgangspunkt Molden og mollandsmarka sommar og vinter	Kommuneplan	Bygd. Utvida i 2019. Har toalett.

Heggmyrane Skisenteret	Parkering Mest vinterbruk i dag. Reg. plan legg opp til meir sommarbruk.	Kommuneplan Reguleringsplan	Bygd. Kommunal, kan stengast med bom
Heggmyrane v/Modvovegen	Planlagt i samband med at skitrekk stenger Modvovegen vinterstid	Kommuneplan Reguleringsplan	Ikkje bygd
<b>Fortun</b>			
Kvar	Kva type tiltak	Planstatus	Status
Vassbakken	Parkering for bil og buss og rastepllass. Turutgangspunkt sommar Wittgenstein	Kommuneplan	Bygd
Fortun «Skuleplassen»	Parkering med toalett Turutgangspunkt sommar Fuglesteg	Kommuneplan Skal regulerast	I bruk. Inngått avtale med Fortun bygdalag om toalett i gamle Fortun skule
Turtagrø Tipp	Parkering Turutgangspunkt Sognefjellet heile året	Kommuneplan	Ikkje bygd
Turtagrø v/hotellet	Parkering med toalett nær Turutgangspunkt Sognefjellet heile året	Kommuneplan	Statleg Bygd Bygd toalett, avtale med Fortun IL
Oscarshaug	Parkering med toalett Turutgangspunkt Sognefjellet heile året	Reguleringsplan Kommuneplan	Statleg Bygd. Har toalett.
<b>Luster</b>			
Kvar	Kva type tiltak	Planstatus	Status
Flahamar	Parkering med toalett i samband med badepllass	Kommuneplan Skal regulerast	Er bygd, har toalett

Sørsida			
Kvar	Kva type tiltak	Planstatus	Status
Feiga Feigefossen	Parkering med toalett langs fylkesveg i samband med sti til Feigefossen	Er ikkje vist i komuneplanen men omtala	Inngått avtale om toalett og drift. Ynskje om utvidning
Ornes	Parkering i samband med besökande til stavkyrkja. Trafikkanalyse Solvorn-Urnes er under arbeid.	Området er regulert. Må omregulerast?	Avventar besøkssenteret

## 5.6 Vedlegg 6: Rapport hovedinspeksjon bruer og kaier 2022



Vedlegg 6, Rapport  
Hovedinspeksjon brue